**AUSTRHEIM KOMMUNE**

# Innkalling
# Formannskapet

**Møtedato:** 24.10.2019
**Møtested:** Austrheim kommunehus, møterommet Børilden
**Møtetid:** 09:00 - 15:30

Det vert synfaringar i sak 079/19 - Klage på avslag,
og 080/19 – Dispensasjon mønehøgde gbnr 159/119.
Synfaringane vert tidleg i møtet.

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

## Saksliste

| Saksnr | Tittel |
|---|---|
| 074/19 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| 075/19 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 076/19 | Meldingar |
| 077/19 | Delegerte saker |
| 078/19 | Orienteringssak |
| 079/19 | Vedtak - Klage på avslag på søknad - VA - gbnr 133/96 |
| 080/19 | Dispensasjon frå Reguleringsplan hyttefelt H06 Bergsvik for heving av mønehøgde på fritidsbustad på gbnr. 157/119 |
| 081/19 | Folkevalde sine arbeidsvilkår - oppdatering av reglementet |
| 082/19 | Tertialrapport 2 2019 |
| 083/19 | Budsjettjustering etter tertial II - 2019 |

Austrheim 11. oktober 2019

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 074/19 | Formannskapet | PS | 24.10.2019 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ketil Tjore | FE-033 | 19/635 |

## Godkjenning av innkalling og saksliste

### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

### Saksopplysninger:

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 075/19 | Formannskapet | PS | 24.10.2019 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ketil Tjore | FE-033 | 19/635 |

## Godkjenning av møteprotokoll

### Vedlegg:
Protokoll - Formannskapet - 22.08.2019

### Framlegg til vedtak:
Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

### Saksopplysninger:

AUSTRHEIM KOMMUNE

# Møteprotokoll
# Formannskapet

**Møtedato:** 22.08.2019
**Møtestad:** Austrheim kommunehus, møterommet Børilden
**Møtetid:** 09:00 - 14:30

I dette møtet er det:
Økonomirapport

| Frammøtte medlemmer | Parti | Rolle |
|---|---|---|
| Per Lerøy | AP | Ordførar |
| Anne Dahle Austrheim | KRF | Varaordførar |
| Siri Kaland | AP | Medlem |
| Jan Erik Espelid | V | Medlem |

| Forfall meldt frå medlem: | Parti | Rolle |
|---|---|---|
| Jorund Stellberg | UAH | Medlem |

| Frammøtte varamedlemmer: | Parti | Rolle |
|---|---|---|
| Hardy Pedersen | AP | Varamedlem |
| Viggo Leirvåg | H | Varamedlem |

Frå administrasjonen møtte rådmann Liv Løvvik, konstituert rådmann Olav Mongstad og Asbjørn Toft, avdelingsleiar plan, byggesak, oppmåling og miljø.

Austrheim 27. august 2019

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

# Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---|---|
| 059/19 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| 060/19 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 061/19 | Meldingar |
| 062/19 | Delegerte saker |
| 063/19 | Orienteringssak |
| 064/19 | Dispensasjon frå godkjent reguleringsplan Nordre Fonnesvågen til flytting av landbruksavkjørsle - Fonnes |
| 065/19 | Klage på godkjent reguleringsplan - Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002 |
| 066/19 | Klage på godkjent reguleringsplan - Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002 |
| 067/19 | Sal av eigedom gbnr. 161/77 Øksnes friluftsområde til Bergen og Omland Friluftsråd |
| 068/19 | Vedtak - dispensasjon - gbnr 133/100 - bustad, garasje og kai |
| 069/19 | Dispensasjon frå plankrav til deling som omsøkt på gbnr. 131/9 for samanføyning av areal til naboeigedom gbnr. 131/240 |
| 070/19 | Rapportering økonomi juli 2019 |
| 071/19 | Samordna sosialhjelpssatsar i Nav Fensfjorden |
| 072/19 | Etablering av prosjekt med sikte på å integrere Austrheim og Fedje barnevern i Alver barnevern |
| 073/19 | Den administrative organiseringa - statusrapport og samansetjing av leiargruppa |
| 001/19 | Statusrapport for prosjektet Strategisk eigedomsforvaltning |

## 059/19: Godkjenning av innkalling og saksliste

### Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

**22.08.2019 FORMANNSKAPET**

Møtet vart sett klokka 09.00, og innkalling og sakliste vart godkjent.
Deretter var formannskapet på synfaring i to saker, 065/19 og 066/19, som begge gjeld klage på den godkjende reguleringsplanen for skule- og barnehageområdet på Kaland.

For desse to sakene vart habiliteten vurdert for Siri Kaland (Ap), formannskapet var samde i at ho var habil.
Hardy Pedersen møtte for Siri Kaland frå 11.30.

Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 059/19 - 22.08.2019 - Vedtak:**
Innkalling og sakliste er godkjent.

---

## 060/19: Godkjenning av møteprotokoll

### Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

**22.08.2019 FORMANNSKAPET**

Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 060/19 - 22.08.2019 - Vedtak:**
Møteprotokoll frå forrige møte er godkjent.

---

## 061/19: Meldingar

### Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

**22.08.2019 FORMANNSKAPET**

Om avtale knytt til lånegaranti gitt til Aufera AS:
Radøy kommune har fått beskjed frå Kommunalbanken om at kommunen må stilla garanti for heile lånebeløpet, som skal sikra Aufera nye lokale i det tidlegare Rema 1000-lokalet på Manger. Samla årlege avdrag skal vera 420.000 kroner, der Austrheim må svara for sum tilsvarande eigardelen, 37 prosent, dersom Aufera ikkje betaler sine avdrag.

Konstituert rådmann Olav Mongstad viste til at kommunestyret i Austrheim tidlegare har gjeve fullmakt til ordførar og rådmann om å forhandla med Radøy om denne garantien, der utfordringa for Austrheim er at ein ikkje kan stilla slik lånegaranti så lenge kommunen er på Robek-lista. ikkje. No vil rådmannen og økonomisjefen ta dette opp med Fylkesmannen i eit planlagt møte i veke 35, og så vil saka komma opp i kommunestyret igjen til ny handsaming.
Rådmann Liv Løvvik sa at ein tidlegare har fått melding på e-post frå Fylkesmannen om at dette kan påverka andre låneopptak i Austrheim. Men Austrheim håpar å ha handlefridomen tilbake neste år, etter å ha betalt ned tidlegare underskot, og skal vera godt innanfor å gje ein slik garanti.

Ordførar Per Lerøy sa at denne saka vil komma direkte til kommunestyret.

Om uttale til høyring for Sambandet Vest:
Asbjørn Toft, avdelingsleiar plan, byggesak, oppmåling og miljø, viste til at ei utbygging av Sambandet Vest kan gje auka trafikk gjennom Austrheim, og at dette er noko prosjektet må ta med seg i planprogrammet.

Ordførar Per Lerøy viste til at Sambandet Vest no stort sett gjeld prosjekt i kommande Alver kommune, og at det er naturleg å berre gje uttale om det som gjeld Austrheim.

Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 061/19 - 22.08.2019 - Vedtak:**
Meldingane er tekne til orientering.

---

## 062/19: Delegerte saker

### Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

#### 22.08.2019 FORMANNSKAPET

Asbjørn Toft, avdelingsleiar plan, byggesak, oppmåling og miljø, orienterte om delegerte vedtak som er gjort.

I samband med at det er gjeve ein del løyve som inneber auka forbruk av vatn, sa ordførar Per Lerøy at det no er betre kapasitet på vassforsyninga, etter at ein fekk grep om ein dårleg ventil på Kaland og tetta lekkasje ved Heiane-feltet. Det er no god kapasitet med vatn i høgdebassenget, og neste tiltak er å gjera noko med forsyninga til dei husa i Årås-feltet som har dårleg trykk. Her må ein sjå både på tiltak for å auka trykket, samt å legga om kvar vassforsyninga går internt i feltet.
Konstituert rådmann Olav Mongstad skaut inn at det er laga ei skisse for løysing på Årås, og at kommunen tek inn planleggar for å sjå på dette.

Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 062/19 - 22.08.2019 - Vedtak:**
Delegerte saker vart tekne til orientering.

---

## 063/19: Orienteringssak

### Rådmannen sitt framlegg:

#### 22.08.2019 FORMANNSKAPET

Konstituert rådmann Olav Mongstad orienterte kort om dei prosjekta som det vert jobba med:
1. Gjennomgang av administrativ organisering i Austrheim kommune - eiga sak i dette møtet.
2. Organisering og beslutningar knytt til spesialundervisning - vert jobba med.
3. Prosjekt Habilitering og Rehabilitering - dette prosjektet skal avsluttast til jul, skal munna ut i ein plan for ansvarsfordeling innan desse felta.
4. Strategisk eigedomsforvaltning i Austrheim kommune - tilleggssak i dette møtet.
5. «Grønt arbeid»-Recovery - kjem eiga orientering om dette prosjektet seinare.

Varaordførar Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om kva som skjer med felles landbrukskontor etter at Radøy går inn i Alver. Konstituert rådmann Olav Mongstad svara at det ligg an at dette vert eit kjøp av ei teneste frå Alver, det kva Alver legg opp til. Asbjørn Toft ved planavdelinga la til at landbrukssjef Kjartan Nyhammer gjerne burde vore i formannskapet og orientert om denne saka. Elles

kan Austrheim kommune kjøpa tenester av Alver der ein må for ulike spesialfelt, og så vurdera å ta ein del oppgåver sjølv.

Møtesekretær Ketil Tjore nemnde kort om kommunen no kan bruka SMS-varsling til innbyggjarane ved utkopling av vatnet/andre ting. Kjem orientering til innbyggjarane om dette via nettsida.

Handsaming i formannskapet:
Sams for rådmannens framlegg til vedtak.

**FS - 063/19 - 22.08.2019 - Vedtak:**
Orienteringane vart teke til vitande.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

### 064/19: Dispensasjon frå godkjent reguleringsplan Nordre Fonnesvågen til flytting av landbruksavkjørsle - Fonnes

### Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå godkjent reguleringsplan Nordre Fonnesvågen til flytting av landbruksavkjørsle på Fonnes. Grunngjevinga er at dette omsøkte tiltaket må på plass for å få bygd ferdig prosjektert og finansiert gangbru over Fv. 565, Vardebrua. Vedtaket er heimla plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 12-4.

**22.08.2019 FORMANNSKAPET**

Asbjørn Toft, avdelingsleiar plan, byggesak, oppmåling og miljø, orienterte om at dette er ei ny avkjøring for å erstatta dagens avkjøring, som kjem i konflikt med den kommande gangbrua over fylkesveg 565.

Ordførar Per Lerøy skaut inn at det er anbodsopning 26/8 på gangbrua på Fonnes. Det har vore synfaring med fire tilbydarar, og SVV håpa på fire tilbod. Elles så har entreprenør Magne Hope levert det beste tilbodet for hjartesone-løysinga ved Kaland skule, der prøver ein å strekka midlane så langt som mogleg med tanke på lengde for det nye fortauet.
Konstituert rådmann Olav Mongstad sa at det no er eit punkt igjen på trafikksikringsplanen, det gjeld innkjøringa og løysinga ved Seniorsenteret, som mellom anna er brukt mykje av elevar i kulturskulen. Trafikksituasjonen på staden er betre etter at det kom 40-sone, men likevel ikkje bra.
Ordførar Per Lerøy sa at dersom det er midlar igjen etter bruløysinga på Fonnes, så bør det brukast ved dette krysset på Seniorsenteret. Lågare fartsgrense er bra, men det er ikkje alle som heldt grensa. Erfaringa er at Austrheim kommune har tent bra på å ha planane klare for dei prosjekta som ligg i trafikksikringsplanen, det er lettare å få midlar når ein har plan.
Handsaming i formannskapet:
Sams for rådmannens framlegg til vedtak.

**FS - 064/19 - 22.08.2019 - Vedtak:**
Austrheim kommune gjev dispensasjon frå godkjent reguleringsplan Nordre Fonnesvågen til flytting av landbruksavkjørsle på Fonnes. Grunngjevinga er at dette omsøkte tiltaket må på plass for å få bygd ferdig prosjektert og finansiert gangbru over Fv. 565, Vardebrua. Vedtaket er heimla plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 12-4.

--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 065/19: Klage på godkjent reguleringsplan - Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002

### Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet tek ikkje klagen til Grethe Haugland på vegne av grunneigar på gbnr. 130/9 til følgje. Formannskapet stadfestar vedtak om godkjenning av *Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017000* gjort i kommunestyret den 11.04.2019. Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33.

Vedtaket vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

**Formannskapet tek klagen til Grethe Haugland på vegne av grunneigar på gbnr. 130/9 til følgje.**
Naustområde BUN3 på gnr 130, bnr 9 vert slik 1. gangs høyring og planframlegg av detaljreguleringsplan for Kaland, PLANID 2017002 viser på plankart.
Grunngjeving er at ei slik regulering av naustområde BUN3 ikkje er negativ for born, ålmenta, miljø og andre natur- og strandsoneinteresser i dette planområdet. Ei slik regulering av BUN3 er og i samsvar med Reguleringsplan for Vardeflaten med PlanID 1998002, godkjent den 17.06.1998. Dette vedtaket er og i tråd med statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona i sone 3 i Austrheim kommune. Austrheim kommune har i heile planprosessen ynskt at naustområde BUN3 skulle vidareførast som i tidlegare reguleringsplan frå 1998. Eit naustområde i BUN 3 som første planforslag viser, er og viktig for å sikra vidare bustadbygging i Kaland-området. Denne eigedomen har tre regulerte bustadtomter, og ei regulering til naustområde her vil gjera det lettare å få på plass fleire fastbuande i kommunen. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33.

**22.08.2019 FORMANNSKAPET**

Fellesframlegg foreslått av:

**Formannskapet tek klagen til Grethe Haugland på vegne av grunneigar på gbnr. 130/9 til følgje.**
Naustområde BUN3 på gnr 130, bnr 9 vert slik 1. gangs høyring og planframlegg av detaljreguleringsplan for Kaland, PLANID 2017002 viser på plankart.
Grunngjeving er at ei slik regulering av naustområde BUN3 ikkje er negativ for born, ålmenta, miljø og andre natur- og strandsoneinteresser i dette planområdet. Ei slik regulering av BUN3 er og i samsvar med Reguleringsplan for Vardeflaten med PlanID 1998002, godkjent den 17.06.1998. Dette vedtaket er og i tråd med statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona i sone 3 i Austrheim kommune. Austrheim kommune har i heile planprosessen ynskt at naustområde BUN3 skulle vidareførast som i tidlegare reguleringsplan frå 1998. Eit naustområde i BUN 3 som første planforslag viser, er og viktig for å sikra vidare bustadbygging i Kaland-området. Denne eigedomen har tre regulerte bustadtomter, og ei regulering til naustområde her vil gjera det lettare å få på plass fleire fastbuande i kommunen. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33.

I denne saka vart habiliteten vurdert for Siri Kaland (Ap), som er grunneigar innanfor planområdet for denne planen. Formannskapet var samde i at ho var habil.
Asbjørn Toft, avdelingsleiar plan, byggesak, oppmåling og miljø, orienterte om sak 065/19 og 066/19. Begge desse sakene gjeld «Klage på godkjent reguleringsplan - Detaljregulering av skule- og

barnehageområdet på Kaland».

Toft viste til bakgrunnen for at dei to aktuelle områda hadde fått endra status i plankartet undervegs i arbeidet med planen. For begge desse sakene var det slik at for å få planen godkjent, så måtte Austrheim kommune i ein del tilfelle gjera som Fylkesmannen i Hordaland/Vestland krov i sine uttalar, dette for å unngå varsla motsegn til andre gongs offentleg ettersyn.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at han reagerer på at den nye reguleringsplanen med desse endringane innskrenkar den tidlegare planen frå 1998. Naustområdet (sak 065/99) låg inne i den tidlegare planen og burde vera med også i den nye, og når det gjeld naustet i sak 066/99 så ligg dette inne i hagen til bustadhuset, og det er ingen som vil sjå dette som eit friområde.

Varaordførar Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at formannskapet bør støtta klagarane i desse to sakene, og ta saka opp med Fylkesmannen.

Ordførar Lerøy sa at det må vera ein føresetnad at det som er godkjent tidlegare kjem inn i nye planar. Det kan ikkje vera meining i at det som var godkjent i 1998, ikkje skal vera med i planen i 2019. Det er frå Fylkesmannen si side heller ikkje teke omsyn til at Austrheim ligg i sone 3 for strandsoneforvalting. Her er det urimeleg om ikkje desse to klagene vart tekne til følgje.

Politisk handsaming i formannskapet:
Det vart sett fram fellesframlegg i kvar av dei to sakene, som vart vedtekne av eit samla formannskap.

**FS - 065/19 - 22.08.2019 - Vedtak:**

**Formannskapet tek klagen til Grethe Haugland på vegne av grunneigar på gbnr. 130/9 til følgje.**
Naustområde BUN3 på gnr 130, bnr 9 vert slik 1. gangs høyring og planframlegg av detaljreguleringsplan for Kaland, PLANID 2017002 viser på plankart.
Grunngjeving er at ei slik regulering av naustområde BUN3 ikkje er negativ for born, ålmenta, miljø og andre natur- og strandsoneinteresser i dette planområdet. Ei slik regulering av BUN3 er og i samsvar med Reguleringsplan for Vardeflaten med PlanID 1998002, godkjent den 17.06.1998. Dette vedtaket er og i tråd med statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona i sone 3 i Austrheim kommune. Austrheim kommune har i heile planprosessen ynskt at naustområde BUN3 skulle vidareførast som i tidlegare reguleringsplan frå 1998. Eit naustområde i BUN 3 som første planforslag viser, er og viktig for å sikra vidare bustadbygging i Kaland-området. Denne eigedomen har tre regulerte bustadtomter, og ei regulering til naustområde her vil gjera det lettare å få på plass fleire fastbuande i kommunen. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 066/19: Klage på godkjent reguleringsplan - Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002

### Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet tek ikkje klagen til Geir Åge Nesbø til følgje. Formannskapet stadfestar vedtak om godkjenning av *Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017000* gjort i kommunestyret den 11.04.2019. Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33.

Vedtaket vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

**Formannskapet tek klagen til Geir Åge Nesbø til følgje.**
Staden der naustet er bygd på eigedom gbnr. 130/64 vert regulert til naustområde, og ikkje friområde i denne detaljreguleringa.
Grunngjeving for å ta klagen til følgje er at ei slik regulering er i tråd med eksisterande bruk av bygget. Ei slik regulering er heller ikkje negativ for born, ålmenta, miljø og andre natur- og strandsoneinteresser i dette planområdet. Dette vedtaket er og i tråd med statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona i sone 3 i Austrheim kommune.
Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33.

**22.08.2019 FORMANNSKAPET**

Fellesframlegg foreslått av:

**Formannskapet tek klagen til Geir Åge Nesbø til følgje.**
Staden der naustet er bygd på eigedom gbnr. 130/64 vert regulert til naustområde, og ikkje friområde i denne detaljreguleringa.
Grunngjeving for å ta klagen til følgje er at ei slik regulering er i tråd med eksisterande bruk av bygget. Ei slik regulering er heller ikkje negativ for born, ålmenta, miljø og andre natur- og strandsoneinteresser i dette planområdet. Dette vedtaket er og i tråd med statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona i sone 3 i Austrheim kommune. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33.

I denne saka vart habiliteten vurdert for Siri Kaland (KrF), som er grunneigar innanfor planområdet for denne planen. Formannskapet var samde i at ho var habil.

Asbjørn Toft, avdelingsleiar plan, byggesak, oppmåling og miljø, orienterte om sak 065/19 og 066/19. Begge desse sakene gjeld «Klage på godkjent reguleringsplan - Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland».

Toft viste til bakgrunnen for at dei to aktuelle områda hadde fått endra status i plankartet undervegs i arbeidet med planen. For begge desse sakene var det slik at for å få planen godkjent, så måtte Austrheim kommune i ein del tilfelle gjera som Fylkesmannen i Hordaland/Vestland krov i sine uttalar, dette for å unngå varsla motsegn til andre gongs offentleg ettersyn.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at han reagerer på at den nye reguleringsplanen med desse endringane innskrenkar den tidlegare planen frå 1998. Naustområdet (sak 065/99) låg inne i den tidlegare planen og burde vera med også i den nye, og når det gjeld naustet i sak 066/99 så ligg dette inne i hagen til bustadhuset, og det er ingen som vil sjå dette som eit friområde.

Varaordførar Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at formannskapet bør støtta klagarane i desse to sakene, og ta saka opp med Fylkesmannen.

Ordførar Lerøy sa at det må vera ein føresetnad at det som er godkjent tidlegare kjem inn i nye planar. Det kan ikkje vera meining i at det som var godkjent i 1998, ikkje skal vera med i planen i 2019. Det er frå Fylkesmannen si side heller ikkje teke omsyn til at Austrheim ligg i sone 3 for strandsoneforvalting. Her er det urimeleg om ikkje desse to klagene vart tekne til følgje.

Politisk handsaming i formannskapet:
Det vart sett fram fellesframlegg i kvar av dei to sakene, som vart vedtekne av eit samla formannskap.

**FS - 066/19 - 22.08.2019 - Vedtak:**

**Formannskapet tek klagen til Geir Åge Nesbø til følgje.**
Staden der naustet er bygd på eigedom gbnr. 130/64 vert regulert til naustområde, og ikkje friområde i denne detaljreguleringa.
Grunngjeving for å ta klagen til følgje er at ei slik regulering er i tråd med eksisterande bruk av bygget. Ei slik regulering er heller ikkje negativ for born, ålmenta, miljø og andre natur- og strandsoneinteresser i dette planområdet. Dette vedtaket er og i tråd med statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona i sone 3 i Austrheim kommune. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33.

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 067/19: Sal av eigedom gbnr. 161/77 Øksnes friluftsområde til Bergen og Omland Friluftsråd

### Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune overfører eigedom gbnr. 161/77 der friluftsområdet i Øksneset er til Bergen og Omland Friluftsråd. Austrheim kommune får betalt kr. 84.000 av BOF for å dekka sine kostnadar med frådelinga og kartforretninga i samband med å få på plass denne nye grunneigedomen. Kjøpar betalar dokumentavgifta og tinglysninga. Grunngjevinga for salet er gjeve i saksutgreiinga.

**22.08.2019 FORMANNSKAPET**

Asbjørn Toft, avdelingsleiar plan, byggesak, oppmåling og miljø, orienterte om at dette salet heng saman med eit anna friområde BOF jobbar med å få eigarskapen til, og der BOF har fått støtte frå Miljøverndirektoratet.
Øksnes friluftsområde er eit areal som kommunen har eigd til no, og der BOF har hatt vedlikehaldet. BOF vil no overta eigarskapen.
BOF dekkar Austrheim kommune sine gebyrutgifter i denne saka, i alt 84.000 kroner.
Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er viktig at dette arealet vert skjøtt på ein god måte.
Politisk handsaming i formannskapet:
Sams for rådmannens framlegg til vedtak

**FS - 067/19 - 22.08.2019 - Vedtak:**
Austrheim kommune overfører eigedom gbnr. 161/77 der friluftsområdet i Øksneset er til Bergen og Omland Friluftsråd. Austrheim kommune får betalt kr. 84.000 av BOF for å dekka sine kostnadar med frådelinga og kartforretninga i samband med å få på plass denne nye grunneigedomen. Kjøpar betalar dokumentavgifta og tinglysninga. Grunngjevinga for salet er gjeve i saksutgreiinga.

------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 068/19: Vedtak - dispensasjon - gbnr 133/100 - bustad, garasje og kai

### Rådmannen sitt framlegg:

**Austrheim kommune godkjenn søknad om dispensasjon frå arealføremål i kommuneplanen og**

**byggeforbodet i strandsona.**

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 11-6 dispensasjon frå kommuneplan og naturmangfaldslova §§ 8-12.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Vestland og Hordaland fylkeskommune for klagevurdering.

Klikk her for å skrive inn tekst.

**22.08.2019 FORMANNSKAPET**

Politisk handsaming i formannskapet:
Sams for rådmannens framlegg til vedtak.

**FS - 068/19 - 22.08.2019 - Vedtak:**

**Austrheim kommune godkjenn søknad om dispensasjon frå arealføremål i kommuneplanen og byggeforbodet i strandsona.**

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 11-6 dispensasjon frå kommuneplan og naturmangfaldslova §§ 8-12.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Vestland og Hordaland fylkeskommune for klagevurdering.

---

## 069/19: Dispensasjon frå plankrav til deling som omsøkt på gbnr. 131/9 for samanføyning av areal til naboeigedom gbnr. 131/240

### Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet gjev på vilkår dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen sin arealdel til frådeling av omsøkt areal på 131/9 på Fonnes. Vilkåret er at det frådelte arealet vert samanføyd med naboeigedom gbnr. 131/240.

Grunngjeving for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6. Saka vert sendt til Fylkesmannen til klagevurdering.

**22.08.2019 FORMANNSKAPET**

Asbjørn Toft, avdelingsleiar plan, byggesak, oppmåling og miljø, orienterte om saka. Toft sa at det på denne eigedomen er mogleg å laga til ei småbåthamn, men det er krav om reguleringsplan for å gjera dette. Eit ja frå kommunen her kan gjera det enklare å finansiera ein slik reguleringsplan.

Politisk handsaming i formannskapet:
Sams for rådmannens framlegg til vedtak.

**FS - 069/19 - 22.08.2019 - Vedtak:**
Formannskapet gjev på vilkår dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen sin arealdel til frådeling av omsøkt areal på 131/9 på Fonnes. Vilkåret er at det frådelte arealet vert samanføyd med naboeigedom gbnr. 131/240.

Grunngjeving for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6. Saka vert sendt til Fylkesmannen til klagevurdering.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 070/19: Rapportering økonomi juli 2019

### Rådmannen sitt framlegg:
Formannskapet tek orienteringa til vitande.

**22.08.2019 FORMANNSKAPET**

Konstituert rådmann Olav Mongstad la fram økonomirapporten, som er utarbeidd av økonomisjef Olav B. Andersen.
Mongstad sa at ein per no må ta forbehold, men ser ikkje bort frå at ein kan nå kravet om 6 millionar i overskot i 2019. Det oppsamla overskotet var på 5,9 millionar, og med ein million i overskot i 2018 står det att 4,9 millionar. Fylkesmannen har elles signalisert at dersom Austrheim klarer å dekka inn 3,8 millionar av oppsamla underskot, så vil ikkje kommunen hamna under kontroll av departementet.
Mongstad sa at det har vore eit godt samarbeid internt i organisasjonen for å få til desse innsparingane, med eit lagspel mellom administrasjonen, politisk nivå og organisasjonane.
Økonomisjef Olav Andersen har i sitt oppsett vist til at personalutgiftene no er på budsjett. Der er avvik på andre utgifter på 7,5 millionar, her er ein del til IKS og andre der innbetalingane ikkje er periodiserte, slik at Austrheim per no har betalt for heile året.
Rådmann Liv Løvvik sa at ein må ta forbehold på ein del kostnader som ikkje er på plass enno, alt frå Fensfjorden Nav til dei nye kostnadene til brannmannskap etter overgangen til Nordhordland Brann og Redning.
Løvvik sa at det har vore ein ryddig prosess når det gjeld kutt i personalkostnader, prosessen har skjedd i eit godt samarbeid med dei tillitsvalde. Ute i organisasjonen har alle stilt opp i arbeidet med innsparingar, og seinare må ein sjå om det enkelte stader er kutta for mykje og om desse bør få meir.
Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at arbeidsløysa i Austrheim no er på 2,6 prosent, mot 2,4 prosent for fylket. Med færre ledige går skatteinntektene opp. Lerøy la til at skrytet for innsparingane må sendast vidare ut i organisasjonen.

Politisk handsaming i formannskapet:
Sams for rådmannens framlegg til vedtak.

**FS - 070/19 - 22.08.2019 - Vedtak:**

Formannskapet tek orienteringa til vitande.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 071/19: Samordna sosialhjelpssatsar i Nav Fensfjorden

### Rådmannen sitt framlegg:

NAV Fensfjorden vil følgje statens rettleiande satsar for økonomisk stønad, med dei reguleringar som blir gjort årleg.

Når det gjeld øvrige ytingar får NAV fullmakt til å fastsetje rutiner ut frå eit forsvarleg skjønn og kjennskap til kostnadsnivå i kommunane.

**22.08.2019 FORMANNSKAPET**

Konstituert rådmann Olav Mongstad sa at dette er ei samordning som vert gjort i samband med samarbeidet om Nav Fensfjorden.
Det kom spørsmål om korvidt barnetrygd og kontantstønad vert rekna inn som inntekt i samband med tildeling av sosialhjelp. Mongstad svara at han skal sjekka dette vidare.

Politisk handsaming i formannskapet:
Sams for rådmannens framlegg til vedtak.

**FS - 071/19 - 22.08.2019 - Vedtak:**

NAV Fensfjorden vil følgje statens rettleiande satsar for økonomisk stønad, med dei reguleringar som blir gjort årleg.

Når det gjeld øvrige ytingar får NAV fullmakt til å fastsetje rutiner ut frå eit forsvarleg skjønn og kjennskap til kostnadsnivå i kommunane.

-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 072/19: Etablering av prosjekt med sikte på å integrere Austrheim og Fedje barnevern i Alver barnevern

### Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim kommune ber om at Alver kommune opnar for å gjennomføre eit prosjekt, i tråd med fylkesmannens forslag, med sikte på eit framtidig samarbeid om det kommunale barnevernet.

Rådmannen får fullmakt til å organisere, og gjennomføre prosjektet. Prosjektet skal ta sikte på å

utforme avtale, samarbeidsform, driftsform, styringsrutinar, økonomi og andre rammer for samarbeidet. Kommunestyra i dei respektive kommunane tek endeleg stilling til forslag som vert utforma i prosjektet.

**22.08.2019 FORMANNSKAPET**

Konstituert rådmann Olav Mongstad orienterte om saka.
Fylkesmannen har vore tydeleg på at Austrheim kommune etter deira meining ikkje har hatt god nok drift av barnevernstenesta. Kommunen har vore samd i dette, det har mellom handla om stort gjennomtrekk og derav ustabil drift. Status for Austrheim i dag er at ein har hatt ein del tilsyn, men har klart å lukka alle desse no.
Kommunen har fått 500.000 kroner i skjønsmidlar til å sjå på barnevernet, men Fylkesmannen var i samband med tildelinga tydeleg på at ein fekk dette med det siktemål at barneverna på Austrheim og Fedje skal inn i barnevernet i Alver.
Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at Fylkesmannen også har vore tydelege inn mot Alver på at det var venta at barnevernet der skulle gje plass til Austrheim og Fedje.
Olav Mongstad sa at det frå 15. september er 3 stillingsheimlar i barnevernet. Om dette vert for lite, så er det mogleg å leiga inn ressursar frå Alver barnevern. Administrasjonen i Austrheim rår til at Austrheim går inn i eit slikt barnevernssamarbeid. For Fedje kommune kjem dette opp som ei eiga sak der. Samarbeidet skal opp i fellesnemnda for Alver kommune i deira møte 2. september, og målet er så at dei tre kommunestyra i kommande Alver skal ta dette opp før jul.
For Austrheim vil dette samarbeidet bety at ein kjem i eit større miljø, det det i dag er tretti stillingsheimlar.
Ordførar Per Lerøy spurte om utfordringane innan barnevernet starta då familievernkontoret vart lagt ned.
Olav Mongstad svara at det har vore eit interkommunalt samarbeid innan barnevern i Nordhordland sidan 90-talet med Nordhordland barnevern, men etter at Lindås byrja å driva dette etter vertskommunemodellen så var ikkje dei andre kommunane med vidare. Austrheim etablerte som andre kommunar eige familievernkontor, men då dette vart oppløyst datt noko av dette interne samarbeidet saman, etter at ein ikkje klarte å ha eit samlokalisert fagmiljø.
Rådmann Liv Løvvik sa at ein også andre stader ser at små kommunar har samlokalisering av barnevern.
Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om ein framleis vil bruka lokala ute på Austrheim.
Olav Mongstad svara at dette med lokalisering vert ein del av arbeidet vidare med samlokalisering.
Anne Dahle Austrheim (KrF) la til at det for ein del nok er mindre belasting å reisa i tre kvarter til Knarvik, enn å ta møtet på kommunehuset der ein gjerne møter kjende.
Politisk handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

**FS - 072/19 - 22.08.2019 - Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim kommune ber om at Alver kommune opnar for å gjennomføre eit prosjekt, i tråd med fylkesmannens forslag, med sikte på eit framtidig samarbeid om det kommunale barnevernet.

Rådmannen får fullmakt til å organisere, og gjennomføre prosjektet. Prosjektet skal ta sikte på å utforme avtale, samarbeidsform, driftsform, styringsrutinar, økonomi og andre rammer for samarbeidet. Kommunestyra i dei respektive kommunane tek endeleg stilling til forslag som vert utforma i prosjektet.

--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

## 073/19: Den administrative organiseringa - statusrapport og samansetjing av leiargruppa

### Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet tek til vitande rådmannens opplegg for vidare utvikling av kommuneorganisasjonen.

### 22.08.2019 FORMANNSKAPET

Olav Mongstad orienterte om arbeidet med ny administrativ organisering (sjå presentasjonen som ligg ved).
- Mongstad sa at målet er å gjera tilsettingar frå 1. januar 2020 i den nye organisasjonen. Kommunalsjefnivået er det som det no skal lysast ut, der annonsane skal ut i september, og så skal ein ha dei nye på plass innan nyttår.
- Austrheim må vurdera å gå over til det nye omgrepet kommunedirektør, som er kjønnsnøytralt.
- I ein liten kommune som Austrheim må tilsette på strategisk nivå rekna med å ha fleire driftsoppgåver enn i ein stor kommune.
Varaordførar Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det er viktig at det vert formidla tydeleg ut at dette ikkje er nye stillingsheimlar.

Rådmann Liv Løvvik sa at det er viktig at den som får stillinga for økonomi og personal jobbar kontinuerleg med forbetring, ut frå strategiske data. Løvvik sa vidare at ansvaret som assisterande rådmann ikkje vert ei eiga stilling, det skal rullera eller eventuelt ligga hjå ein av kommunalsjefane om dette skulle peika seg ut slik.
Ordførar Per Lerøy sa at det er viktig at den nye organisasjonen vert formidla tydeleg internt på avdelingane, gjerne med allmøte. Viktig å formidla at dette ikkje er nye stillingar.
Per Lerøy sa at med den nye organiseringa så kan ein ta den politiske diskusjonen på om ein skal gå over frå formannskapsmodellen til utvalsmodellen.
Konstituert rådmann Olav Mongstad sa at ein kan vurdera om ein skal ha eit eige planutval, sidan det er mange saker i formannskapet i dag som er plansaker. Det vert laga ei oversikt over saker ein har hatt til handsaming dei siste tre åra, som viser kva saker ein har hatt til handsaming innan dei ulike sektorane.
Om politisk organisering sa rådmann Løvvik at det er viktig at saker går raskt gjennom, og spurte om det hadde gått like raskt med nedskjeringane som er gjennomført dersom sakene skulle gå gjennom ulike utval. Vidare sa Løvvik at det er viktig at toppleiinga jobbar som eit team, og driftar ein kommune og ikkje ulike sektorar. Må skapa ein levande organisasjon som driv kontinuerleg forbetring. Elles må organisjonskartet heile tida utfyllast, sidan det er mange oppgåver som ikkje kan ramsast opp. Må styra ut frå målsetningar, og rammene må vera kjende slik at dei med økonomisk ansvar veit korleis dei ligg an.
Per Lerøy sa at han har tru på denne organisasjonsmodellen, men la til at ein er avhengig av å få rett folk på rett plass.
Liv Løvvik sa at det skal gjerast ein grundig prosess i rekrutteringa av kommunalsjefar.
Politisk handsaming i formannskapet:
Sams for rådmannens framlegg til vedtak.

**<u>FS - 073/19 - 22.08.2019 - Vedtak:</u>**

Formannskapet tek til vitande rådmannens opplegg for vidare utvikling av kommuneorganisasjonen.

-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

### 001/19: Statusrapport for prosjektet Strategisk eigedomsforvaltning

### Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim tek prosjektrapporten for strategisk eigedomsforvaltning til vitande.

Formannskapet i Austrheim tek det interne arbeidsdokumentet om strategisk eigedomsforvaltning til vitande så langt. Den kjem opp til vidare handsaming i oktober.

**22.08.2019 FORMANNSKAPET**

Fellesframlegg foreslått av:

Formannskapet i Austrheim tek det interne arbeidsdokumentet om strategisk eigedomsforvaltning til vitande så langt. Den kjem opp til vidare handsaming i oktober.

Statusrapporten vart lagt fram for formannskapet. Sidan denne er ein førebels versjon, er ikkje rapporten offentleg.
Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein må ta rapporten med seg tilbake til partigruppene, slik at ein kan få diskutera dette der.
Varaordførar Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det er viktig at denne rapporten også kjem vidare til det neste kommunestyret.
Rådmann Liv Løvvik sa at rapporten bør vera med inn i budsjettarbeidet, men det går å venta til oktober med handsaming i formannskapet.
Konstituert rådmann Olav Mongstad sa at kommunen har vore i kontakt med kunsthuset om dei ønskjer å ta over lokala i det gamle kommunehuset som ei stifting. Dei har fått bakgrunnskunnskap om driftskostnader siste fem-seks åra. Ein veit at det må gjerast oppgraderingar av det elektriske anlegget for 300.000 kroner.

Per Lerøy påpeikte at kommunen eig tre leilegheiter i Sætremarka, i rapporten står det at ein leiger desse. Lerøy sa at også at kommunen bør sjå om det er bustader som kommunen leiger ut til flyktningar, som desse kan kjøpa. Dette bør også vurderast opp mot den ekstra søknadsordninga som Husbanken har orientert om no i august.

**<u>FS - 001/19 - 22.08.2019 - Vedtak:</u>**
Formannskapet i Austrheim tek det interne arbeidsdokumentet om strategisk eigedomsforvaltning til vitande så langt. Den kjem opp til vidare handsaming i oktober.

-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 076/19 | Formannskapet | PS | 24.10.2019 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ketil Tjore | FE-033 | 19/635 |

## Meldingar

**Framlegg til vedtak:**
Meldingane vert tekne til orientering

**Saksopplysninger:**

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 077/19 | Formannskapet | PS | 24.10.2019 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ketil Tjore | FE-033 | 19/635 |

## Delegerte saker

## Saker

| Saksnummer | Tittel |
|---|---|
| 171/19 | Arealoverføring av 0,4 dekar frå gbnr. 129/8 til gbnr. 129/62 - Litlås |
| 143/19 | Byggesak - Ferdigattest - Gnr 147/m.fl. - Toftegård, VA-anlegg langs kommunal veg<br>**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for vassleidning langs kommunal veg på gnr. 147, Toftegård.**<br><br>**Tiltaket eller delar av det må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.** |
| 172/19 | Delingsløve til arealoverføring som omsøkt frå gbnr. 140/17 og gbnr.140/26 til gbnr. 140/41- Solend |
| 167/19 | Delingsløyve som omsøkt til firemannsbustad på gbnr. 131/280 - Fonnesstraumen |
| 170/19 | Delingsløyve til bustadtomt på gbnr. 158/3- Lerøy |
| 146/19 | Endring av igangsettingsløyve av tiltak på bustadhus på gbnr 128/3 - Leirvåg |
| 151/19 | Endring av løyve som omsøkt på storleik på bustadhus på gbnr. 156/45 - Sævrøyvegen |

| | |
|---|---|
| 142/19 | Ferdigattest - Byggesak - Gnr 147/6 - Toftegård, VVA-anlegg for bustadfelt<br>**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for VVA-anleggpå gnr. 147, bnr. 6.**<br><br>**Tiltaket eller delar av det må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.**<br><br>**Manglande innmålingsdata må oversendast Austrheim kommune innan 01.10.2019.** |
| 182/19 | Ferdigattest - gbnr 161/72 Øksnesvegen - garasje<br>**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for frittståande garasje på gnr. 161, bnr. 72.**<br><br>**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.** |
| 145/19 | Ferdigattest - gbnr 165/ 51 Baløy - hytte<br>**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for fritidsbustad på gnr. 165, bnr. 51.**<br><br>**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.** |
| 184/19 | Ferdigattest for garasje på gbnr. 131/276 - Straumshaugane |
| 180/19 | Ferdigattest for hytte på gbnr. 160/149 - Lauvøy |
| 144/19 | Ferdigattest gbnr 165/49 Baløy - naust<br>**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for naust på gnr. 165, bnr. 49.**<br><br>**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.** |
| 183/19 | Ferdigattest gbnr 128/76 - Byggesak - 3B del 1 - Leakvann 8" m/noen fleksible slanger (del av JS prosjektet). |

| | |
|---|---|
| | **Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for Byggesak 3B del 1 - Leakvann 8" m/noen fleksible slanger (del av JS prosjektet)på gnr. 128, bnr. 76.**<br><br>**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.** |
| 162/19 | Ferdigattest gbnr 128/76 - Byggesak 3A - Johan Sverdrup (JS) oljerør<br>**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for Byggesak 3A - Johan Sverdrup (JS) oljerør på gnr. 128, bnr. 76.**<br><br>**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.** |
| 165/19 | Ferdigattest til tilbygg til einebustad på gbnr. 140/3 -Solend |
| 169/19 | Ferdigattest til tomannsbustad på gbnr. 147/117 - Skoteneset |
| 185/19 | Fritak frå krav om foryngring etter hogst - gbnr 165/1,3,4 - Rongevær |
| 148/19 | Gbnr 131/290 - Adressetildeling |
| 149/19 | Gbnr 131/290 - Seksjonering<br>**Austrheim kommune godkjenner søknad om seksjonering av gnr 131 bnr 290 til seksjon 1 – 2 i medhald av Lov om eierseksjonar jf § 13.** |
| 159/19 | Gbnr 131/9 Fonnes - Klagebehandling av løyve til deling etter jordlova |
| 174/19 | Løyve til deling - bustadhus på gbnr. 131/9 - Fonnes |
| 152/19 | Gbnr 147/117 - Adressetildeling |

| | |
|---|---|
| 154/19 | Gbnr 147/117 - Seksjonering<br>**Austrheim kommune godkjenner søknad om seksjonering av gnr 147 bnr 117 til seksjon 1 – 2 i medhald av Lov om eierseksjonar jf § 13.** |
| 178/19 | Gbnr 156/13 - Adressetildeling driftsbygning |
| 147/19 | Igangsettings- og utsleppsløyve til omsøkt tiltak på gbnr. 140/27 - Leikvoll |
| 166/19 | Igangsettingsløyve til bustad som omsøkt på gbnr. 129/65-Litlås |
| 177/19 | Igangsettingsløyve til bygging av bustadhus på gbnr. 130/82 - Kaland |
| 141/19 | Igangsettingsløyve til omsøkt tiltak påbygg over tak og balkong på gbnr. 139/84 - Solen |
| 140/19 | Ingangsettingsløyve til tilbygg på gbnr. 148/23 - seksjon 1 - Åråsvågmyra |
| 163/19 | Konsesjon til kjøp av eigedom gbnr. 132/36 - Utkilneset |
| 164/19 | Konsesjon til kjøp av gbnr 132/35 - Utkilneset |
| 161/19 | Landbruksveg gbnr 156/82 - klagen frå Naturvernforbundet vert avvist |
| 187/19 | Løyve til arealoverføring av parkeringsplass frå gbnr 149/1 til gbnr. 149/12 - Årås |
| 181/19 | Løyve til endring av plassering av bustadhus på gbnr. 147/109- Toftegård |
| 186/19 | Løyve til minireinseanlegg på gbnr. 139/30 - Solesjøen |

| | |
|---|---|
| 188/19 | Løyve til omsøkt arealoverføring av hageareal frå gbnr.136/6 til gbnr.136/16- Monslaup |
| 173/19 | Løyve til omsøkt planeringstiltak på bustadeigedom gbnr. 131/296 -Fonnes |
| 158/19 | Løyve til omsøkt riving av eldre driftsbygning på gbnr. 142/3 - Sætre |
| 160/19 | Løyve til tilknyting til offentleg vassforsyning og til privat felles avløp for tomannsbustad på gbnr. 147/117 - Toftegård |
| 150/19 | Løyve til tilkobling til kommunalt VA som omsøkt for gbnr. 129/65- Litlås |
| 157/19 | Midlertidig bruksløyve gbnr 131/290 seksjon 2 - Fonnesstraumen<br>**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for halvdel av tomannsbustad på gnr. 131, bnr. 290 seksjon 2 på følgjande vilkår:**<br><br>**1. Mellombels bruksløyve gjeld fylgjande del av tiltaket: Bustad seksjon 2**<br><br>**2. Ferdigattest skal liggje føre innan 31.12.2019.** |
| 168/19 | Søknad om ferdigattest - gbnr 147/117 - Skoteneset |
| 176/19 | Tiltak på eigedom gbnr. 131/52 - Fonnes |
| 155/19 | Vedtak - byggesak gbnr 159/13 - Dyrneset - naust<br>**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-2 b vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av naust på følgjande vilkår:**<br><br>**1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 23.07.2019 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**<br><br>**2. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg via privat veg.** |
| 153/19 | Vedtak - byggesak gbnr 159/8 - Dyrneset - naust<br>**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-2 b vert det gjeve løyve til** |

| | |
|---|---|
| | **tiltak for oppføring av naust på følgjande vilkår:**<br><br>**1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 23.07.2019 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**<br><br>**2. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg via privat veg.** |
| 156/19 | Vedtak- byggesak - gbnr 159/9 - Dyrneset - naust<br>**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-2 b vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av naust på følgjande vilkår:**<br><br>**1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 23.07.2019 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**<br><br>**2. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg via privat veg.** |
| 175/19 | Vedtak - Søknad gbnr 156/237 Austrheim - flytebrygge<br>**Det vert godkjent utlegging av flytebrygge som omsøkt i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-4, 29-2 og 29-4, samt naturmangfaldslova §§ 8-12 på følgjande vilkår:**<br><br>**1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.**<br>**2. Det må søkast om løyve for tiltak i sjø hjå Bergen og Omland Hamn AS, BOH.**<br>**3. Vilkår satt i løyve frå BOH må etterkomast.** |
| 179/19 | Vedtak - Søknad om byggeløyve - gbnr 139/84 - Njøtevegen - bustadombygging<br>**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrett som sjølvbyggar samt etablering av brannskille mellom bustadeiningar i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår:**<br><br>**1. Det vert forutsett at tiltaket vert utført i tråd med krava i TEK17.** |

**Framlegg til vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 078/19 | Formannskapet | PS | 24.10.2019 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Ketil Tjore | FE-033 | 19/635 |

## Orienteringssak

## Framlegg til vedtak:

## Saksopplysninger:

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 079/19 | Formannskapet | PS | 24.10.2019 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Stein Kåre Løvslett | Gbnr-133/96 | 18/632 |

## Vedtak - Klage på avslag på søknad - VA - gbnr 133/96

### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune tar ikkje klagen til følgje og opprettheld avslag på å nytte lukka tank og pålegg om tilknytting til eksisterande privat avlaupsanlegg i området.
Vedtaket vert gjort med heimel i forvaltningslova § 33, forurensingsloven §§ 22 og 23 samt pbl §§ 27-1, 27-2 og 27-3.

### Saksopplysninger:

**Bakgrunn**

Saka gjeld klage på vedtak fatta i sak 105/19.

Saka omhandlar søknad om løyve til allerede utførte arbeider på gnr 133 bnr 96. Arbeida omfatta tilkopling til kommunal vassleidning og utlegging av avlaup til lukka tank.

Søknaden er handsama i sak 105/19, vedtaksdato 19.06.2019. I vedtaket vart det gjeve løyve til tilkopling til kommunal vassleidning. Det vart gjeve avslag på avlaupsleidning til lukka tank. Som følgje av avslag til å nytte lukka tank vart det gjeve pålegg om tilkopling til eksisterende privat avlaupsanlegg i hyttefeltet.

Klagen gjeld avslag til å nytte lukka tank og pålegg til å kople til det private avlaupsanlegget.

Klagar har klagerett og klagen er rettidig innkomen.

Klageinnstans etter forurensingsloven er kommunestyret.

Sitat frå klagen:

> *Vår klage går på:*
>
> *Med heimel i Forurl § 23, samt Pbl §§ 27-1, 27-2 og 27-3 vert søknad om lukka tank til avlaup avslått.*
>
> *Vidare vert det med heimel i Forurl § 23, samt Pbl §§ 27-1, 27-2 og 27-3 gjeve pålegg om tilkopling til eksisterende avlaupsanlegg tilhøyrande gnr. 133 bnr. 58 m.fl.*
>
> *Jeg / vi mener at dette er urimelig da også andre i feltet (Ann Karin Isaksen bl.a.) har fått godkjent lukket tank etter oss.*
>
> *Kostnaden det vil koste oss å koble oss til gnr. 133 bnr. 58 er jeg ikke sikker på da Åsmund*

*Andersen er på ferie ut denne uken og ikke kan gi meg et prisoverslag pr. i dag. Vi må også ha egen slamutskiller og pumpestasjon hvis vi skal koble oss til hos dem. Dette kan fort komme opp i nærmere 100.000 kroner slik vi har forstått det.*

*Jeg / vi mener at Odd Haugen og Hole VVS er "skyld" i at vi er kommet opp i denne situasjonen da vi stolte helt og fullt på dem. Jeg mener de ikke kan avskrive seg noe ansvar, men får ikke gehør for det hos dem.*

*Håper dere kan se på denne saken engang til og siden vi har solgt hytten i god tro på at alt var i orden synes vi det er beklagelig at vi får avslag for lukket tank. Vet at dere kanskje har kommet ut for folk som lager hull i tanken for å slippe ut vann, men dette har vi aldri hatt i tankene og har brukt Birkeland når tanken har vært full. De som har kjøpt hytten vår bruker den kun som hytte og ikke som helårsbolig som vi gjorde.*

**Vurdering**

Austrheim kommune har vurdert saka på ny med omsyn til dei punkta som er trukket fram.

I klagen er det opplyst at ein naboeigedom har fått godkjent avlaup til lukka tank etter klagar. Naboeigedomen det vises til fikk godkjent ei løysing med lukka tank 21.05.2015. I dette løyvet er det ikkje gjeve løyve til innlegging av vatn frå kommunal vassleidning. Det vert kunn gjeve løyve til å nytte takvatn. Det er gjeve løyve til ei spesiell løysing frå svartvatn frå klosett til lukka tank og gråvatn til filtergrøft. Denne løysinga er ikkje samanlignbar med løysinga på eigedomen gnr 133 bnr 96.

Eigedomen gnr 133 bnr 96 vart godkjent oppført som fritidseigedom 18.08.2003. I løyve er følgende pressisering:

*Det vert såleis ikkje gjeve løyve til innlegging av vatn eller utslepp av gråvatn.*

Klageren opplyser og at dei har nytta fritidsbustaden som heilårsbustad utan at dette ser ut til å være omsøkt. Tiltaket som omfattar innlegging av vatn og utlegging av avlaup til lukka tank vart utført utan at naudsynt løyve førelå. Søknad vart sendt inn etter at kommunen oppdaga forholdet. Søknaden vart motteke hos Austrheim kommune 13.08.2018. Disse to sakene kan dermed ikkje samanliknast direkte. Med innlagt vatn frå kommunal vassleidning må ein pårekne større vassforbruk enn på den fritidseigedomen det her vert samanlikna med.

Austrheim kommune vedtok ny lokal forskrift for separate avlaupsanlegg ioktober 2018. I denne forskrifta vert det ikkje tillatt å nytte lukka tank, jf pkt. 4. Forskrifta har ikkje tilbakevirkande kraft, men den er utarbeid med heimel i forureiningslova § 22 første leden som lyder slik:

*Forurensningsmyndigheten kan i forskrift eller i det enkelte tilfelle fastsette nærmere krav til avløpsledning, herunder om den skal være lukket og vanntett. Forurensningsmyndigheten kan avgjøre om alt avløpsvann skal ledes i felles ledning eller om det skal kreves særskilte ledninger for ulike typer avløpsvann*

Vi gjer merksam på at forurensningsmyndigheten er Austrheim kommune.

Dette medfører at Austrheim kommune har heimel for å ikkje godkjenne lukka tank på denne eigedomen.

I tillegg vart det i sak 033/13 som omhandlar utlegging av felles avlaupsanlegg på Olsneset sett krav til at dette skal være dimensjonert for å dekke tilkopling av fleire eigedomar. Eigarane av dette anlegget har påtatt seg ein større kostnad med å bygge anlegget. Austrheim kommune har med dette vedtaket forplikta seg til å kreve tilkopling for nye eigedomar. Eit slikt krav har heimel i

forurensningsloven § 23 første og andre leden som lyder slik:

*Forurensningsmyndigheten kan bestemme at avløpsvann kan ledes inn i en annens avløpsanlegg.*

*Om plikt til tilknytning til eksisterende avløpsledning gjelder reglene i plan- og bygningsloven. Vedtak etter plan- og bygningsloven kan likevel treffes av forurensningsmyndigheten.*

Som det går frem av lovteksten har Austrheim kommune både som forurensningsmynde og bygningsmynde heimel for å avslå bruk av lukka tank og til å kreve tilknytting til eksisterende avlaupsanlegg i hyttefeltet.

Som det er opplyst i saksutgreiinga tidligare var det i dei opprinnelege føresegnene ikkje tillatt å legge inn vatn og avlaup for fritidseigedomane. Dette vart endra i samband med vedtak i Austrheim formannskap 10.11.2004 i sak FS-209/04. Her ble følgende endring lagt inn i føresegnene: Side 3 av 6

***8. Tillegg Tekniske anlegg***

*Innlegging av vatn og utslepp av sanitært avlaupsvatn kan tillatast dersom det skjer i medhald av godkjent plan.*

Det er så langt ikkje laga nokon overordna plan for vatn og avlaup i hytteområdet. Det vart dog i 2013 gjeve løyve på vilkår til utlegging av avlaup frå fleire fritidseigedomar lengst nord på Olsneset. Dette vart gjort i sak 033/13. I denne samanheng vart det satt som vilkår at det anlegget som vart bygd skulle dimensjonerast for å kunne ta i mot avlaupsvatn frå fleire av dei gjennståande fritidseigedomane. Dette er det næraste man kjem ein godkjent plan.

Tiltaket er gjennomført utan at det førelå naudsynt gyldige løyvar. Dersom tiltaket hadde vært omsøkt i forkant ville tiltakshavar fått informasjon om at dei kunne gått saman med naboeigedomar om eit felles anlegg som kunne knyttast til eksisterande avlaupsanlegg som nemnt ovanfor. Dette ville kunne redusert kostnadane med anlegget.

Videre opplyser klageren at dei mener seg missleda av grunnentreprenør og rørleggar ved valg av denne løysinga. Dette er eit privatretsleg forhold som Austrheim kommune ikkje kan ta stilling til. Vi kan kunn opplyse at begge dei aktuelle aktørene visste eller burde visst at tiltaket var søknadspliktig og at det skal føreligge gyldig løyve før dei startar slikt arbeid.

**Konklusjon**

Rådmannen rår til at klagen ikkje vert tatt til følge.

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 080/19 | Formannskapet | PS | 24.10.2019 |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Asbjørn Nagell Toft | Gbnr-157/119 | 17/882 |

**Dispensasjon frå Reguleringsplan hyttefelt H06 Bergsvik for heving av mønehøgde på fritidsbustad på gbnr. 157/119**

## Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå maks mønehøgde gbnr 157/119
B-1 Søknad om dispensasjon
B-2 Hytterekke på åskamm for hytte A6, A7 og A8
B-3 Utsiktssone
B-4 Illustrasjon hytte rekke A8, A7 og A6
D-1 Situasjonsplan
D-2 Terrengsnitt A-A
D-3 Terrengsnitt B-B
E-1 Plan 01
E-2 Hems
E-3 Snitt A-A
E-4 Fasade Nordøst-Sørøst
E-5 Fasade Sørvest-Nordvest
E-6 Illustrasjon
Q-1 Merknad fra nabo med svar fra ansvarlig søker.
Merknad til nabovarsel gbnr 157/119
Føresegner - detaljregulering for hyttefelt i H06 i Bergsvik - gnr 157
Arealplankart versjon 6 Dato 20.03.2013
Arealplankart versjon 6 Dato 20.03.2013

## Framlegg til vedtak:

Formannskapet gjev dispensasjon som omsøkt til reguleringsplan Hyttefelt H06 Bergsvik, planid 2006003. Omsøkt hytte kan hevast med 1 meter og byggjast med maks topp mønehøgde + 29,5 moh. Grunngjeving for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland til klagevurdering.

## Saksopplysninger:

Byggmester Romarheim AS har på vegne av eigar av fritidstomt i regulert hyttefelt, Svein og Janne Glomnes søkt om dispensasjon frå reguleringsplan på topp mønehøgde for fritidsbustad på eigedom

gbnr. 157/119. Eigedomen  ligg i Bergsvik hyttefelt. Her gjeld reguleringsplan Hyttefelt H06 Bergsvik, føresegner til planen styrer mønehøgde på kvar hytte i dette feltet her på ein klar måte. Austrheim formannskap vedtok den 20.03.2013, sak FS- 069/13 *Mindre planendring for*

*detaljplan hyttefelt –H06 – Bergsvik (PlanID: 12642006003). Kommunestyret vedtok elles reguleringsplanen den 01.02.2012.* Søkjar ynskjer å kunne byggja ei hytte som er 1 meter høgare i terrenget (dvs. med topp takmøne +29,5 moh.) enn kva gjeldane reguleringsplan sine føresegner seier for gjeldane tomt som er +28,5 moh. Dette er såleis ein søknad om dispensasjon frå føresegn i § 3.1 i reguleringsplan. Føresegna §3.1 viser i tabell følgjande:

3.1 Fritidsbustader

- Det kan førast opp ein fritidsbustad pr. tomt.
- Fritidsbustadane skal føres opp i 1 etasje (det er ikkje tillete med bruksareal på loft).
- Bygningar kan ha maksimal høgd i samsvar med tabell nedanfor.

| Tomt | Maks. kotehøgd for tiltak | Areal daa | Tomt | Maks. kotehøgd for tiltak | Areal daa |
|---|---|---|---|---|---|
| A1 | 30,0 | 0,95 | B5 | 27,5 | 1,32 |
| A2 | 30,5 | 0,90 | B6 | 26,0 | 1,57 |
| A3 | 31,0 | 0,98 | B7 | 23,5 | 1,02 |
| A4 | 32,5 | 1,38 | C1 | 23,0 | 1,43 |
| A5 | 31,0 | 1,02 | E1 | 24,0 | 2,65 |
| A6 | 28,5 | 1,06 | E2 | 26,5 | 0,60 |

Denne føresegna seier og at**: Tillete bruksareal (BRA) er 110 m2 på eitt plan. Det er ikkje tillete med bruksareal på loft. Det er ikkje tillete med eigne frittståande bygg (uthus/ garasje/ carport/ grillhus eller liknande).**

Omsøkt bustad har eit bruksareal på om lag 110 BRA.

Eigedomen har fått rammeløyve  den 22.11.2017 til å byggje med maks mønehøgde 28,5 moh. som reguleringsplanen opnar for.  Det vart samstundes gjeve igangsettingsløyve til grunnarbeidet på tomten. Grunnarbeidet er gjort. I ettertid er det planlagt hems på denne hytta. Det gjer at søkjar no ynskjer å få kunne byggje ei hytte med maks mønehøgde på 29,5 moh. Om lag 1/3 av taket på hytta får denne mønehøgda, resten får høgde på +28,5 moh.

Søkjar grunngjev dispensasjonssøknaden slik:

Begrunnelse for søknad om dispensasjon er som følger:

1. Tildelte maks. mønehøyder i Bergsvik hyttefelt gir generelt en god plassering av eksisterende og fremtidige fritidsboliger. Byggene glir naturlig og trappevis inn i terrenget. Som eksempel vises det til eiendommene som er definert som B1, B2, B3 og B4. Disse ligger i en rekke på en åskam foran A6. Her er byggene plassert trinnvis inn i terrenget hvor bygget nærmest havet ligger lavest med maks mønehøyde på 25,5 moh. (B4). Bakenforliggende bygg heves så trinnvis i samsvar med terrenget B3 (26,0 moh.), B2 (28,5 moh.), B1 (30,5 moh.).

   Den naturlige trappevise fordelingen av mønehøyder gjelder også hytterekkene:
   - B5, B6 og B7.
   - G4, A5 og A4.

   Men når det kommer til åskammen hvor hytterekken A8, A7 og A6 ligger, har trappingen av hytter i stigende form ikke blitt ivaretatt, tvert om, her har bakerste hytte i rekken (A6) blitt tildelt mønehøyde på 28,5 moh. Mens de to fremste eiendommene A8 og A7 har fått tildelt en mønehøyde på 29,5 moh.

   Dette innebærer at bakerste bygg (A6) blir plassert lavest i rekken, se vedlegg B-2. Dette gir en unaturlig plassering av bygget som forringer eiendom A6 i stor grad med hensyn til utsikt mot havet. Hyttefeltet får også en åskam som bryter med feltets generelle linjer.

   Ved å heve maks tillatte mønehøyde på hytte A6 fra 28,5 moh. til 29,5 moh. vil i det minste mønehøyden bli lik på denne åskammen, og gjennom dette sikre at de generelt gode linjene i hyttefeltet forbedres, og følgelig fremstå som mer helhetlig og harmonisk.

2. Eiendom A6 ligger bakerst i en rekke av hytter, og er plassert i utkanten, sør-øst i hyttefeltet. Selv om hytten heves til maks mønehøyde på 29,5 moh, vil den ikke komme i konflikt med havutsikten til hverken hytter ved siden av, eller hytter som ligger bak. Det vises til at A6 sin plassering kommer utenfor alles utsiktssone mot havet, se vedlegg B-3.

3. Heving av mønehøyde gjelder kun ca. 1/3 av bygget, og vil ikke virke ruvende over andre hytter i feltet, jf. punkt 1 ovenfor og illustrasjonsbilde vedlegg B-4.

Fordelene for en dispensasjon skal være større enn ulempene.
Vi kan i denne saken ikke se noen ulemper ved å gi dispensasjon fra krav om maks mønehøyde. På den annen side er fordelene ved en dispensasjon vesentlige for tiltakshaver. Det vises spesielt til at dispensasjon muliggjør tilgang til hems, som er nødvendig for at tiltakshaver kan invitere sin familie med barn og barnebarn til overnatting på hytten. Det vises i denne sammenheng også til at aktuelle hytte uten dispensasjon, vil være den eneste i hyttefeltet som ikke har tilgang til hems.

Med denne begrunnelsen håper vi på et positivt og snarlig positivt vedtak.

Søkjar har nabovarsla søknaden sin om dispensasjon den 27.08.2019. Til søknad om dispensasjon frå krav om maks mønehøyde på planlagt hytte til 29,5 moh. er det mottatt nabomerknad datert den 02.09.2019 fra nabo Ingunn Bergsvik. Dei andre naboane i feltet har ingen merknad til søknaden. Ingunn Bergsvik som er grunneigar av fritidseigedomen på gbnr. 157/40 skriv følgjande:

**Frå eigar av gnr. 157, bnr. 40 (Ingunn Bergsvik) har søkjar mottatt følgande merknad:**

*Nabovarsel er mottatt og jeg har merknader til den. Meg bekjent har det vært en lang vei for å få reguleringsplanen i havn. Det har vært utfordrende, da det er et kupert område. Ikke alle har fått like mye havutsikt. Det er ikke bare havutsikten som skal taes hensyn til ved bygging av hytter. Det nærliggende område, naturen og det visuelle utrykk skal også være med i betraktning.*

*En av grunnene til at A6 ikke fikk høyere mønehøyde enn 28,5 var bl.a at den ville stenge for deler av utsikten til Bergsvikmarken, mot Hopland, for de bakenforliggende hyttene. Ved en økt mønehøyde vil det gå ut over andre. Det medfører ikke riktighet at det er den eneste planlagte hytten i feltet som ikke har tilgang til hems. Det ble sendt byggesak til kommunen for Gnr.Bnr.115 av samme type hytte. Saken er ferdigbehandlet. Senest 8/7-19 ble det sendt søknad om planlegging av tre like hytter Gnr.157 Bnr. 121, 122 og 123. Alle hyttene uten hems. Saken er under behandling. Søknadene er sendt av byggmester Romarheim.*

*Det bør ikke godkjennes økt mønehøyde for A6, dette fordi videre endring av mønehøyde vil kunne skape presedens for de fire gjenværende tomtene."*

*Vennlig hilsen*

*Ingunn Bergsvik (Gnr.157 Bnr.40)*

**Ansvarleg søkjar Byggmester Romarheim AS har kommentert nabomerknaden slik:**

*Det vises til deres nabomerknad angående søknad om dispensasjon fra krav om maksimal mønehøyde for deler av hytte på Gnr. 157, Bnr. 119. Selv om det etter vårt skjønn er det klart viktigste for hytteeierne i denne delen av hyttefeltet, er vi enige i at det ikke bare er havutsikten som skal tillegges vekt. Etter vårt syn vil også den relativt beskjedne endringen det søkes om, tilfredsstille ønskene om et godt visuelt inntrykk og fortsatt gi bakenforliggende hytter tilfredsstillende utsikt i alle retninger. Når det er sagt er det vanskelig å se at utsikten mot syd/øst, innover utmarken i Bergsvikmarka mot Hopland, skal vurderes til å ha en avgjørende betydning i saken. Etter vårt skjønn er dette den minst verdifulle utsikten fra hyttene i dette feltet. Uansett hvordan en vurderer dette forholdet, vil ikke den omsøkte endringen på noen måte stenge for utsikten fra deres hytte, gnr. 157, bnr. 40. Dette gjelder også utsikten til Bergsvikmarka mot Hopland.*

*Det er etter tiltakshavers syn underlig at en hytteeier som ikke blir berørt av aktuelle endringer, har merknader til ønskede endring, mens ingen av hyttenaboene som omtales som berørt, har merknader*




*Vedrørende søknad om dispensasjon datert 28.08.2019:*

*… Det vises i denne sammenheng også til at aktuelle hytte uten dispensasjon, vil være den eneste i hyttefeltet som ikke har tilgang til hems …*

*Alle de oppførte hyttene i feltet har tilgang til hems, noe som anses å øke bruksverdien for eier i vesentlig grad. Når det gjelder omsøkte hytte på Gnr. 157, Bnr. 119, er den maksimale mønehøyden på 28,5 moh. Det vil si en meter lavere enn mønehøyden som aksepteres for hyttene som ligger på samme rekke i feltet. Med utgangspunkt i den ferdigplanerte tomten, resulterer dette i at det ikke er mulig å tilfredsstille tiltakshavers ønske om hems, uten omsøkte dispensasjon. Sett fra tiltakshavers side gjør aktuelle begrensning på mønehøyden derfor denne eiendommen særdeles forringet, noe som kan rettes opp ved å innvilge aktuelle søknad om dispensasjon. Hovedintensjonene med en reguleringsplan må anses å være et ønske om å skape et hyttefelt som virker både praktisk og attraktiv, sett både fra hytteeiernes og kommunens side. Etter vårt skjønn vil hyttefeltets helhetlige uttrykk, også med innvilget dispensasjon, ivaretas på en meget god måte.*

*Det er fra tiltakshavers side vanskelig å se at en innvilget dispensasjonssøknad for aktuelle hytte, skal skape uønsket presidens, vedrørende mønehøyde, for fire ubebygde hytter. Det vises til at tre av hyttene som det henvises til, er plassert på en separat del i starten av hyttefeltet, uten utsikt mot sør/sørvest, og den siste hytten ligger bakerst i fremre del av hyttefeltet med både havutsikt mot vest/sydvest, og utsikt mot syd og sydøst.*

*Deres merknad til det planlagte tiltaket samt dette svarbrevet vil bli sendt til kommunen som vedlegg til vår søknad om tillatelse til tiltak, slik at kommunen kan ta beslutning med bakgrunn i den informasjon og i det underlaget som foreligger. Vi ønsker å opprettholde vår søknad og avventer behandling av saken hos Austrheim kommune.*




***Vedlagt teikning viser dispensasjonssøknaden på endring av mønehøgde frå +28,5 til +29,5 moh***







***Hems er teikna inn over soverom under***

***Utvendig ser me hemsen til høgre på teikning***



*Fasade på omsøkt hytte mot nabo i nord*

## Vurdering:

### Vurdering etter naturmangfaldslova

Rådmannen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Rådmannen finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Vestland.

### Vurdering etter plan- og bygningslova

Rådmannen vil peike på at kommunen berre kan dispensera dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i reguleringsplanen og plan og bygningslova sine føremål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd. Nasjonale og regionale rammer og mål skal leggjast til grunn for avveging av interesser.

Det må såleis i kvar sak gjerast ei vurdering av om omsyna bak bestemmelsane i reguleringsplan vert vesentleg tilsidesett. Omsyna bak bestemmelsane det vert søkt dispensasjon frå her er å sikra at det vert bygd hytter med høgde som ikkje reduserer utsikt og soltilhøve for naboar, men som og tek omsyn til landskapet i området og silhuettverknad. Planen er frå 2013. I nabomerknaden frå Inngunn Bergsvik står det følgjande: *En av grunnene til at A6 ikke fikk høyere mønehøyde enn 28,5 var bl.a at den ville stenge for deler av utsikten til Bergsvikmarken, mot Hopland, for de bakenforliggende hyttene.* Ho skriv til slutt i sin merknad at: *Det bør ikke godkjennes økt mønehøyde for A6, dette fordi videre endring av mønehøyde vil kunne skape presedens for de fire gjenværende tomtene.*

Ingunn Bergsvik si hytte er om lag 66 meter frå omsøkt hytte. Den er bygd om lag på kote +28 moh. Når det så gjeld vurderinga av om fordelane ved å gje dispensasjonsløyve blir klart større enn ulempene er det ei rekke moment som må vurderast. Det å fråvike plan ved dispensasjon i hytteområde skal ein normalt vere forsiktig med dette då det kan vere med på å sette tilsides reguleringsplanen som styringsverktøy. Dette taler mot å gje dispensasjon. Vidare kan og ein dispensasjon gje uheldige presedensverknader. Dette taler og mot å gje dispensasjon.

Når det gjeld desse momenta må dei i denne saka likevel tilleggjast mindre vekt, då saka har liten overføringsverdi grunna saka si karakter. Rådmannen ser at eit hyttefelt som dette kan forvente mindre endringar for å tilpasse seg dagens situasjon, men og kvar enkelt hyttetomt. Hovudprinsippet bak planen vert uansett ivaretatt og dette gjer at reguleringsplanen i stor grad beheldt sin funksjon som styringsverktøy. Omsøkt hyttetomt får ei naturleg tilknyting til resten av hyttefeltet sjølv med ei heving av deler av mønehøgda med ein meter her. Denne fasadeendringa er etter rådmannen sitt syn minimal. Dette taler sterkt for å gje dispensasjon. Omsøkt tiltak vil etter rådmannen si meining

ikkje råka miljø, friluftsliv, naturmangfald eller kulturmiljø i strandsona. Det vil heller ikkje vesentleg råka hyttenabo sin utsikt mot havet eller naturen omkring eller soltilhøve. Søkjar har vist utsiktsone for nabo som har merknad på ein tydleg måte på reguleringsplankart datert 22.08.2019. Illustrasjon utarbeida for hytta på tomt A6 saman med hytta på A7 og A8 viser at heving av mønehøgde som omsøkt ikkje vil sjenera nokon naboar vesentleg. Rådmannen meiner difor at omsyn til nabo ikkje vert sett til side ved ein dispensasjon i denne saka. Rådmannen meiner at med bakgrunn i ei høgdeendring på 1 meter mønehøgde så vurderer han det slik at omsyna bak bestemmelsane i reguleringsplan ikkje vert vesentleg tilsidesett med denne søknaden.  Rådmannen vurderer det slik at at omsøkt tiltak bør kunne aksepterast.




**Ingunn Bergsvik si hytte ligg nordanfor omsøkt hytte (blåe prikkar)  Plankart over.**

Rådmannen kan ikkje sjå at det å gje dispensasjon i denne saka vil gje uheldige presedensverknader. Søkjar har grunngjeve søknaden sin godt i tråd med plan- og bygningslova. Rådmannen ser at med hems vil eigar kunne nytta hytta betre saman med familie og venner. Det er ofte trong for meir sengeplass når generasjonar og slekt/venner skal møtast på hyttta. Omsøkt bustad har eit bruksareal på om lag 110 m2 BRA, det er det føresegna i reguleringsplanen maksimalt opnar for her. Det er heller ikkje tillete med bruksareal på loft, og då er ein hems ein fornuftig måte å få meir soveareal på utan å overstiga grensa på 110 m2 BRA. Reguleringsplanen opnar heller ikkje for frittståande bygg (uthus/ garasje/ carport/ grillhus eller liknande). Det er difor ikkje mogeleg å byggja soveanneks her.

Rådmannen ser heller ikkje at det føreligg nokon vesentlege uheldige konsekvensar med omsøkt tiltak for nabo eller andre i området. Det er heller ingen ulempe for miljø, naturmangfald, ålmenta, friluftslivet og andre regionale eller lokale verdiar om dispensasjon vert gjeve i saka som omsøkt. Rådmannen meiner at omsøkt hytte kan byggjast med topp mønehøgde på + 29,5 moh. Det er ein meter høgare enn kva føresegna i reguleringsplanen opnar for på omsøkt tomt A6. Rådmannen tek og utgangspunkt i hyttetomten som det no skal byggjast på er ferdigplanert. Det er og naturleg at hytteeigar ynskjer utsikt frå si hytte på tomt A6. Den vert redusert om hytta vert senka meir i terrenget.

Rådmannen er difor etter ei samla vurdering positiv til å gjeva dispensasjon til omsøkt formål. Rådmannen si samla vurdering her er og at omsyn bak reguleringsplanen ikkje vert sett vesentleg til sides ved dispensasjon som omsøkt. Rådmannen meiner det ligg føre ei overvekt av gode grunnar for formannskapet i denne saka kan gjeva dispensasjon frå mønehøgde som omsøkt frå reguleringsplan Hyttefelt H06 Bergsvik.

**Konklusjon:**

Formannskapet gjev dispensasjon som omsøkt til reguleringsplan Hyttefelt H06 Bergsvik, planid 2006003. Omsøkt hytte kan byggjast med topp mønehøgde + 29,5 moh. Det er ein meter høgare enn kva føresegna i reguleringsplanen opnar for på omsøkt tomt A6.

**Fra:** Torbjørn Romarheim <torbjorn-romarheim@hotmail.com>
**Sendt:** torsdag 19. september 2019 20.35
**Til:** Post Austrheim
**Emne:** Søknad om dispensasjon fra maks mønehøyde Gnr. 157, bnr. 119
**Vedlegg:** B-1 Søknad om dispensasjon.pdf; B-2 Hytterekke på åskamm for hytte A6, A7 og A8.pdf; B-3 Utsiktssone.pdf; B-4 Illustrasjon hytte rekke A8, A7 og A6.pdf; D-1 Situasjonsplan.pdf; D-2 Terrengsnitt A-A.pdf; D-3 Terrengsnitt B-B.pdf; E-1 Plan 01.pdf; E-2 Hems.pdf; E-3 Snitt A-A.pdf; E-4 Fasade Nordøst-Sørøst.pdf; E-5 Fasade Sørvest-Nordvest.pdf; E-6 Illustrasjon.pdf; Q-1 Merknad fra nabo med svar fra ansvarlig søker..pdf; 5154 - Gjenpart av nabovarsel.pdf; Kvittering nabovarsel.pdf; Kvittering Ansgar Bergsvik.pdf; Kvittering Ingunn Bergsvik.pdf; Kvittering Oddrun Thorsen.pdf; Kvittering Tor Gaustad.pdf

Hei,

Det søkes herved om dispensasjon fra maks mønehøyde på eiendom gnr. 157, bnr. 119, se vedlegg.

- B-1 Søknad om dispensasjon
- B-2 Hytterekke på åskamm for hytte A6, A7 og A8
- B-3 Utsiktssone
- B-4 Illustrasjon hytte rekke A8, A7 og A6
- D-1 Situasjonsplan
- D-2 Terrengsnitt A-A
- D-3 Terrengsnitt B-B
- E-1 Plan 01
- E-2 Hems
- E-3 Snitt A-A
- E-4 Fasade Nordøst-Sørøst
- E-5 Fasade Sørvest-Nordvest
- E-6 Illustrasjon
- Q-1 Merknad fra nabo med svar fra ansvarlig søker.
- 5154 - Gjenpart av nabovarsel
- Kvittering nabovarsel
- Kvittering Ansgar Bergsvik
- Kvittering Ingunn Bergsvik
- Kvittering Oddrun Thorsen
- Kvittering Tor Gaustad

Mvh
Torbjørn Romarheim
Byggmester Romarheim AS
Kolåsvegen 122 a
5955 Lindås
Mob. 953 62 449

BYGGMESTER ROMARHEIM AS

Adresse: Kolåsvegen 122a, 5955 Lindås
Telefon: 953 62 449
E-post: torbjorn-romaheim@hotmail.com
Org.nr: 819 392 382

**Vedlegg B-1**

Lindås, 28.08.2019

# SØKNAD OM DISPENSASJON FRA KRAV OM MAKS MØNEHØYDE.

| | |
|---|---|
| **EIENDOM:** | **Gnr. 157, Bnr. 119** |
| **REGULERINGSPLAN:** | **HYTTEFELT H06 BERGSVIK GNR.157 PLANID 12642006003** |
| **Tiltakshaver:** | **Svein- og Janne Glomnes** |

(Byggmester Romarheim AS søker på vegne av Tiltakshaver).

Vedrørende planlegging av oppføring av fritidsbolig på ovennevnte eiendom, søkes det herved om dispensasjon fra reguleringsplanen § 3.1 krav om maks mønehøyde.

Eiendommen (heretter kalt A6) har fått tildelt rammeløyve den 22.11.2017 hvor fritidsboligen er oppgitt med maks mønehøyde på 28,5 moh.
I ettertid er det planlagt endring av tiltaket hvor taket over soveroms fløyen heves med 1 meter for å kunne etablere hems.

Begrunnelse for søknad om dispensasjon er som følger:

1. Tildelte maks. mønehøyder i Bergsvik hyttefelt gir generelt en god plassering av eksisterende og fremtidige fritidsboliger. Byggene glir naturlig og trappevis inn i terrenget. Som eksempel vises det til eiendommene som er definert som B1, B2, B3 og B4. Disse ligger i en rekke på en åskam foran A6. Her er byggene plassert trinnvis inn i terrenget hvor bygget nærmest havet ligger lavest med maks mønehøyde på 25,5 moh. (B4). Bakenforliggende bygg heves så trinnvis i samsvar med terrenget B3 (26,0 moh.), B2 (28,5 moh.), B1 (30,5 moh.).

   Den naturlige trappevise fordelingen av mønehøyder gjelder også hytterekkene:
   - B5, B6 og B7.
   - G4, A5 og A4.

   Men når det kommer til åskammen hvor hytterekken A8, A7 og A6 ligger, har trappingen av hytter i stigende form ikke blitt ivaretatt, tvert om, her har bakerste hytte i rekken (A6) blitt tildelt mønehøyde på 28,5 moh. Mens de to fremste eiendommene A8 og A7 har fått tildelt en mønehøyde på 29,5 moh.

Adresse: Kolåsvegen 122a, 5955 Lindås
Telefon: 953 62 449
E-post: torbjorn-romaheim@hotmail.com
Org.nr: 819 392 382

Dette innebærer at bakerste bygg (A6) blir plassert lavest i rekken, se vedlegg B-2. Dette gir en unaturlig plassering av bygget som forringer eiendom A6 i stor grad med hensyn til utsikt mot havet. Hyttefeltet får også en åskam som bryter med feltets generelle linjer.

Ved å heve maks tillatte mønehøyde på hytte A6 fra 28,5 moh. til 29,5 moh. vil i det minste mønehøyden bli lik på denne åskammen, og gjennom dette sikre at de generelt gode linjene i hyttefeltet forbedres, og følgelig fremstå som mer helhetlig og harmonisk.

2. Eiendom A6 ligger bakerst i en rekke av hytter, og er plassert i utkanten, sør-øst i hyttefeltet. Selv om hytten heves til maks mønehøyde på 29,5 moh, vil den ikke komme i konflikt med havutsikten til hverken hytter ved siden av, eller hytter som ligger bak. Det vises til at A6 sin plassering kommer utenfor alles utsiktssone mot havet, se vedlegg B-3.

3. Heving av mønehøyde gjelder kun ca. 1/3 av bygget, og vil ikke virke ruvende over andre hytter i feltet, jf. punkt 1 ovenfor og illustrasjonsbilde vedlegg B-4.

Fordelene for en dispensasjon skal være større enn ulempene.
Vi kan i denne saken ikke se noen ulemper ved å gi dispensasjon fra krav om maks mønehøyde. På den annen side er fordelene ved en dispensasjon vesentlige for tiltakshaver. Det vises spesielt til at dispensasjon muliggjør tilgang til hems, som er nødvendig for at tiltakshaver kan invitere sin familie med barn og barnebarn til overnatting på hytten. Det vises i denne sammenheng også til at aktuelle hytte uten dispensasjon, vil være den eneste i hyttefeltet som ikke har tilgang til hems.

Med denne begrunnelsen håper vi på et positivt og snarlig positivt vedtak.

Vennlig hilsen
Byggmester Romarheim AS

Torbjørn Romarheim

Torbjørn Romarheim
Daglig leder
Tlf: 953 62 449




Mønehøyde etter reg. best.
og gitt rammeløyve




Omsøkt mønehøyde

Byggmester
Romarheim AS

Bergsvik A6

Hytterekke på åskamm for
hytte A6, A7 og A8

| | |
|---|---|
| **Project nr : 1046** | **Project name : Bergsvik A6** |
| **Dato : 22.08.2019** | **Revisjons nr. :** |
| **Gnr. 157, Bnr 119** | **Målestokk** 1 : 300 |

©
**Tegningen er beskyttet i henhold til lov om opphavsrett.**
**Kan ikke benyttes uten samtykke fra Byggmester Romarheim AS**

Tegn. nr. B-2




| | | |
|---|---|---|
| Byggmester Romarheim AS | Bergsvik A6 | Utsiktssone for bakenforliggende hytter |
| | | **Project nr : 1046** / **Project name : Bergsvik A6** |
| Tegningen er beskyttet i henhold til lov om opphavsrett. Kan ikke benyttes uten samtykke fra Byggmester Romarheim AS | Tegn. nr. B-3 | **Dato : 22.08.2019** / **Revisjons nr. :** |
| | | **Gnr. 157, Bnr 119** / **Målestokk** 1 : 3000 |




| | | | |
|---|---|---|---|
| Byggmester Romarheim AS | Bergsvik A6 | Illustrasjon | |
| | | Project nr : 1046 | Project name : Bergsvik A6 |
| © Tegningen er beskyttet i henhold til lov om opphavsrett. Kan ikke benyttes uten samtykke fra Byggmester Romarheim AS | Tegn. nr. B-4 | Dato : 22.08.2019 | Revisjons nr. : |
| | | Gnr. 157, Bnr 119 | Målestokk |




# Byggmester Romarheim AS

# Bergsvik A6

# Situasjonsplan

Tegningen er beskyttet i henhold til lov om opphavsrett.
Kan ikke benyttes uten samtykke fra Byggmester Romarheim AS

## Tegn. nr. D-1

| | |
|---|---|
| **Project nr : 1046** | **Project name : Bergsvik A6** |
| **Dato : 22.08.2019** | **Revisjons nr. :** |
| **Gnr. 157, Bnr 119** | **Målestokk** 1 : 500 |




| | | |
|---|---|---|
| Byggmester Romarheim AS | Bergsvik A6 | Terrengsnitt A-A |
| © Tegningen er beskyttet i henhold til lov om opphavsrett. Kan ikke benyttes uten samtykke fra Byggmester Romarheim AS | Tegn. nr. D-2 | |

| | |
|---|---|
| **Project nr : 1046** | **Project name : Bergsvik A6** |
| **Dato : 22.08.2019** | **Revisjons nr. :** |
| **Gnr. 157, Bnr 119** | **Målestokk** 1 : 200 |




# Byggmester Romarheim AS

# Bergsvik A6

## Terrengsnitt B-B

| | |
|---|---|
| **Project nr : 1046** | **Project name : Bergsvik A6** |
| **Dato : 22.08.2019** | **Revisjons nr. :** |
| **Gnr. 157, Bnr 119** | **Målestokk** 1 : 300 |

## Tegn. nr. D-3

©
**Tegningen er beskyttet i henhold til lov om opphavsrett.**
**Kan ikke benyttes uten samtykke fra Byggmester Romarheim AS**




Byggmester
Romarheim AS

Bergsvik A6

Plan 01

BRA = 110,0 m2
BYA = 125,0 m2

| | |
|---|---|
| Project nr : 1046 | Project name : Bergsvik A6 |
| Dato : 22.08.2019 | Revisjons nr. : |
| Gnr. 157, Bnr 119 | Målestokk 1 : 100 |

© Tegningen er beskyttet i henhold til lov om opphavsrett.
Kan ikke benyttes uten samtykke fra Byggmester Romarheim AS

Tegn. nr. E-1




Gulvareal på hems er ikke målbart BRA

| | | |
|---|---|---|
| Byggmester Romarheim AS | Bergsvik A6 | Hems |
| | | **Project nr : 1046** / **Project name : Bergsvik A6** |
| **Tegningen er beskyttet i henhold til lov om opphavsrett. Kan ikke benyttes uten samtykke fra Byggmester Romarheim AS** | Tegn. nr. E-2 | **Dato : 22.08.2019** / **Revisjons nr. :** |
| | | **Gnr. 157, Bnr 119** / **Målestokk** 1 : 100 |




| | | |
|---|---|---|
| Byggmester Romarheim AS | Bergsvik A6 | Snitt A-A |
| | | **Project nr : 1046** / **Project name : Bergsvik A6** |
| | Tegn. nr. E-3 | **Dato : 22.08.2019** / **Revisjons nr. :** |
| | | **Gnr. 157, Bnr 119** / **Målestokk** 1 : 100 |

©
**Tegningen er beskyttet i henhold til lov om opphavsrett.**
**Kan ikke benyttes uten samtykke fra Byggmester Romarheim AS**



NordØst



SørØst

# Byggmester Romarheim AS

Bergsvik A6

Fasade NordØst / SørØst

Tegningen er beskyttet i henhold til lov om opphavsrett.
Kan ikke benyttes uten samtykke fra Byggmester Romarheim AS

Tegn. nr. E-4

| | |
|---|---|
| Project nr : 1046 | Project name : Bergsvik A6 |
| Dato : 22.08.2019 | Revisjons nr. : |
| Gnr. 157, Bnr 119 | Målestokk 1 : 100 |



SørVest



NordVest

| | | |
|---|---|---|
| Byggmester Romarheim AS | Bergsvik A6 | Fasade SørVest / NordVest |

©
**Tegningen er beskyttet i henhold til lov om opphavsrett.**
**Kan ikke benyttes uten samtykke fra Byggmester Romarheim AS**

Tegn. nr. E-5

| | |
|---|---|
| **Project nr : 1046** | **Project name : Bergsvik A6** |
| **Dato : 22.08.2019** | **Revisjons nr. :** |
| **Gnr. 157, Bnr 119** | **Målestokk** 1 : 100 |



| | | | |
|---|---|---|---|
| Byggmester Romarheim AS | Bergsvik A6 | Illustrasjon 1 | |
| | | **Project nr : 1046** | **Project name : Bergsvik A6** |
| © **Tegningen er beskyttet i henhold til lov om opphavsrett. Kan ikke benyttes uten samtykke fra Byggmester Romarheim AS** | Tegn. nr. E-6 | **Dato : 22.08.2019** | **Revisjons nr. :** |
| | | **Gnr. 157, Bnr 119** | **Målestokk** |

BYGGMESTER ROMARHEIM AS

Adresse: Kolåsvegen 122a, 5955 Lindås
Telefon: 953 62 449
E-post: torbjorn-romaheim@hotmail.com
Org.nr: 819 392 382

Vedlegg Q-1 Lindås, 19.09.2019

**Merknad fra nabo med svar fra ansvarlig søker.**

| | |
|---|---|
| EIENDOM: | Gnr. 157, Bnr. 119 |
| REGULERINGSPLAN: | HYTTEFELT H06 BERGSVIK GNR.157 |
| | PLANID 12642006003 |
| Tiltakshaver: | Svein- og Janne Glomnes |

(Byggmester Romarheim AS søker på vegne av Tiltakshaver).

Til saken vedrørende søknad om dispensasjon fra krav om maks mønehøyde er det mottatt merknad fra i alt en av naboene.

<u>Fra eieren av gnr. 157, bnr. 40 (Ingunn Bergsvik) er det mottatt følgende merknad:</u>

*"Hei*
*Nabovarsel er mottatt og jeg har merknader til den.*

*Meg bekjent har det vært en lang vei for å få reguleringsplanen i havn. Det har vært utfordrende, da det er et kupert område. Ikke alle har fått like mye havutsikt. Det er ikke bare havutsikten som skal taes hensyn til ved bygging av hytter. Det nærliggende område, naturen og det visuelle utrykk skal også være med i betraktning.*
*En av grunnene til at A6 ikke fikk høyere mønehøyde enn 28,5 var bl.a at den ville stenge for deler av utsikten til Bergsvikmarken, mot Hopland, for de bakenforliggende hyttene. Ved en økt mønehøyde vil det gå ut over andre.*

*Det medfører ikke riktighet at det er den eneste planlagte hytten i feltet som ikke har tilgang til hems.*

*Det ble sendt byggesak til kommunen for Gnr.Bnr.115 av samme type hytte. Saken er ferdigbehandlet.*
*Senest 8/7-19 ble det sendt søknad om planlegging av tre like hytter Gnr.157 Bnr. 121, 122 og 123. Alle hyttene uten hems. Saken er under behandling.*
*Søknadene er sendt av byggmester Romarheim.*

*Det bør ikke godkjennes økt mønehøyde for A6, dette fordi videre endring av mønehøyde vil kunne skape presedens for de fire gjenværende tomtene."*

*Vennlig hilsen*
*Ingunn Bergsvik*
*Gnr.157 Bnr.40*

Adresse: Kolåsvegen 122a, 5955 Lindås
Telefon: 953 62 449
E-post: torbjorn-romaheim@hotmail.com
Org.nr: 819 392 382

Ansvarlig søker har kommentert nabomerknaden med følgende:

*"Det vises til deres nabomerknad angående søknad om dispensasjon fra krav om maksimal mønehøyde for deler av hytte på* Gnr. 157, Bnr. 119.

*Selv om det etter vårt skjønn er det klart viktigste for hytteeierne i denne delen av hyttefeltet, er vi enige i at det ikke bare er havutsikten som skal tillegges vekt. Etter vårt syn vil også den relativt beskjedne endringen det søkes om, tilfredsstille ønskene om et godt visuelt inntrykk og fortsatt gi bakenforliggende hytter tilfredsstillende utsikt i alle retninger. Når det er sagt er det vanskelig å se at utsikten mot syd/øst, innover utmarken i Bergsvikmarka mot Hopland, skal vurderes til å ha en avgjørende betydning i saken. Etter vårt skjønn er dette den minst verdifulle utsikten fra hyttene i dette feltet. Uansett hvordan en vurderer dette forholdet, vil ikke den omsøkte endringen på noen måte stenge for utsikten fra deres hytte,* gnr. 157, bnr. 40. *Dette gjelder også utsikten til Bergsvikmarka mot Hopland.*

*Det er etter tiltakshavers syn underlig at en hytteeier som ikke blir berørt av aktuelle endringer, har merknader til ønskede endring, mens ingen av hyttenaboene som omtales som berørt, har merknader til endringen.*



Adresse: Kolåsvegen 122a, 5955 Lindås
Telefon: 953 62 449
E-post: torbjorn-romaheim@hotmail.com
Org.nr: 819 392 382

*Vedrørende søknad om dispensasjon datert 28.08.2019:*
*… Det vises i denne sammenheng også til at aktuelle hytte uten dispensasjon, vil være den eneste i hyttefeltet som ikke har tilgang til hems …*

*Alle de oppførte hyttene i feltet har tilgang til hems, noe som anses å øke bruksverdien for eier i vesentlig grad. Når det gjelder omsøkte hytte på* Gnr. 157, Bnr. 119, er den maksimale mønehøyden på 28,5 moh. Det vil si en meter lavere enn mønehøyden som aksepteres for hyttene som ligger på samme rekke i feltet. Med utgangspunkt i den ferdigplanerte tomten, resulterer dette i at det ikke er *mulig å tilfredsstille tiltakshavers ønske om hems, uten omsøkte dispensasjon. Sett fra tiltakshavers side gjør aktuelle begrensning på mønehøyden derfor denne eiendommen særdeles forringet, noe som kan rettes opp ved å innvilge aktuelle søknad om dispensasjon.*

*Hovedintensjonene med en reguleringsplan må anses å være et ønske om å skape et hyttefelt som virker både praktisk og attraktiv, sett både fra hytteeiernes og kommunens side. Etter vårt skjønn vil hyttefeltets helhetlige uttrykk, også med innvilget dispensasjon, ivaretas på en meget god måte.*

*Det er fra tiltakshavers side vanskelig å se at en innvilget dispensasjonssøknad for aktuelle hytte, skal skape uønsket presidens, vedrørende mønehøyde, for fire ubebygde hytter. Det vises til at tre av hyttene som det henvises til, er plassert på en separat del i starten av hyttefeltet, uten utsikt mot sør/sørvest, og den siste hytten ligger bakerst i fremre del av hyttefeltet med både havutsikt mot vest/sydvest, og utsikt mot syd og sydøst.*

*Deres merknad til det planlagte tiltaket samt dette svarbrevet vil bli sendt til kommunen som vedlegg til vår søknad om tillatelse til tiltak, slik at kommunen kan ta beslutning med bakgrunn i den informasjon og i det underlaget som foreligger. Vi ønsker å opprettholde vår søknad og avventer behandling av saken hos Austrheim kommune."*

Vennlig hilsen
Byggmester Romarheim AS
Torbjørn Romarheim
Daglig leder
Tlf: 953 62 449

**Fra:** Ingunn Bergsvik <ingunnbergsvik@yahoo.no>
**Sendt:** mandag 2. september 2019 09.10
**Til:** Torbjørn Romarheim
**Kopi:** Post Austrheim
**Emne:** Re: Nabovarsel.

Hei
Nabovarsel er mottatt og jeg har merknader til den.

Meg bekjent har det vært en lang vei for å få reguleringsplanen i havn. Det har vært utfordrende, da det er et kupert område. Ikke alle har fått like mye havutsikt. Det er ikke bare havutsikten som skal taes hensyn til ved bygging av hytter. Det nærliggende område, naturen og det visuelle utrykk skal også være med i betraktning.
En av grunnene til at A6 ikke fikk høyere mønehøyde enn 28,5 var bl.a at den ville stenge for deler av utsikten til Bergsvikmarken, mot Hopland, for de bakenforliggende hyttene. Ved en økt mønehøyde vil det gå ut over andre.

Det medfører ikke riktighet at det er den eneste planlagte hytten i feltet som ikke har tilgang til hems.

Det ble sendt byggesak til kommunen for Gnr.Bnr.115 av samme type hytte. Saken er ferdigbehandlet.
Senest 8/7-19 ble det sendt søknad om planlegging av tre like hytter Gnr.157 Bnr. 121, 122 og 123.
Alle hyttene uten hems. Saken er under behandling.
Søknadene er sendt av byggmester Romarheim.

Det bør ikke godkjennes økt mønehøyde for A6, dette fordi videre endring av mønehøyde vil kunne skape presedens for de fire gjenværende tomtene.

Vennlig hilsen
Ingunn Bergsvik
Gnr.157 Bnr.40

Sendt fra min iPad

27. aug. 2019 kl. 21:03 skrev Torbjørn Romarheim <torbjorn-romarheim@hotmail.com>:

> Hei,
>
> Ved planlegging av fritidsbolig på eiendom Gnr. 157, Bnr. 119 i Bergsvik hyttefelt. Søkes det om dispensasjon fra
> reguleringsplanen § 3.1 krav om maks mønehøyde.
>
> I den forbindelse kommer det her et nabovarsel, se vedlegg.
>
> Ber om snarlig tilbakemelding på denne e-posten om at dette nabovarselet er mottatt.
>
> På forhånd takk :)

Mvh
Torbjørn Romarheim
Byggmester Romarheim AS
Kolåsvegen 122 a
5955 Lindås
Mob. 953 62 449

<B-1 Søknad om dispensasjon.pdf>

<B-2 Hytterekke på åskamm for hytte A6, A7 og A8.pdf>

<B-3 Utsiktssone.pdf>

<B-4 Illustrasjon hytte rekke A8, A7 og A6.pdf>

<D-1 Situasjonsplan.pdf>

<D-2 Terrengsnitt A-A.pdf>

<D-3 Terrengsnitt B-B.pdf>

<E-1 Plan 01.pdf>

<E-2 Hems.pdf>

<E-3 Snitt A-A.pdf>

<E-4 Fasade Nordøst-Sørøst.pdf>

<E-5 Fasade Sørvest-Nordvest.pdf>

<E-6 Illustrasjon.pdf>

<Nabovarsel Ingunn Bergsvik.pdf>

**Føresegner (pbl § 12-7)**

Detaljregulering for
Hyttefelt H06 i Bergsvik, - Gnr. 157
Austrheim kommune

Reguleringsføresegner for
Hyttefelt H06 i Bergsvik, - Gnr. 157

PlanID: 12642006003
Saksnummer:
Dato sist revidert: 22.01.2013

§1 GENERELT

1.1 Planavgrensing
Føresegnene gjeld for området som er avgrensa med plangrense på vedlagt kart.

§2 FELLES FØRESEGNER

2.1 Automatisk freda kulturminne
Dersom funn, gjenstandar eller konstruksjonar vert oppdaga i samband med gravearbeid, skal arbeidet stansast omgåande og fylkeskonservatoren underrettast, jf. Lov om kulturminne § 8, 2. Ledd.

2.2 Rekkjefylgjekrav
Kryss frå fylkesveg for Veg1, må opparbeidast før det kan gjevast løyve til andre tiltak for områda som har tilkomst via Veg1.

Avkøyring til veg 9 må utbetrast i tråd med krav i handbok 017 før det vert gjeve løyve til nye hytter med tilknyting til veg 9.

Parkeringsplassar i samsvar med føresegnene skal vera opparbeidd før det kan gjevast bruksløyve/ ferdigattest for fritidsbustadane.

2.3 Terrenginngrep
Alle terrenginngrep skal gjerast så skånsamt som mogleg, og terrenget skal tilstellast på ein god måte ved avslutning av tiltaka.

§3 BEBYGGELSE OG ANLEGG
(pbl § 12-5 nr. 1)

3.1 Fritidsbustader

- Det kan førast opp ein fritidsbustad pr. tomt.
- Fritidsbustadane skal føres opp i 1 etasje (det er ikkje tillete med bruksareal på loft).
- Bygningar kan ha maksimal høgd i samsvar med tabell nedanfor.

| Tomt | Maks. kotehøgd for tiltak | Areal daa | Tomt | Maks. kotehøgd for tiltak | Areal daa |
|---|---|---|---|---|---|
| A1 | 30,0 | 0,95 | B5 | 27,5 | 1,32 |
| A2 | 30,5 | 0,90 | B6 | 26,0 | 1,57 |
| A3 | 31,0 | 0,98 | B7 | 23,5 | 1,02 |
| A4 | 32,5 | 1,38 | C1 | 23,0 | 1,43 |
| A5 | 31,0 | 1,02 | E1 | 24,0 | 2,65 |
| A6 | 28,5 | 1,06 | E2 | 26,5 | 0,60 |
| A7 | 29,5 | 0,74 | E3 | 22,5 | 0,66 |
| A8 | 29,5 | 0,73 | F1 | 16,5 | 1,08 |
| A9 | 30,5 | 0,75 | G1 | 19,0 | 0,23 |
| A10 | 30,5 | 1,19 | G2 | 30,0 | 0,92 |
| A11 | 32,0 | 1,00 | G3 | 33,5 | 0,72 |
| B1 | 30,5 | 1,04 | G4 | 27,5 | 0,87 |
| B2 | 28,5 | 1,02 | H1 | 21,5 | 0,70 |
| B3 | 26,0 | 1,12 | H2 | 20,5 | 0,70 |
| B4 | 25,5 | 1,01 | K1 | 23,0 | 0,82 |

- Det kan stillast spesielle krav til dei enkelte hyttene slik at dei får ei best mogleg tilpassing til terrenget, og i forhold til naboar. Ved søknad om løyve til tiltak skal det liggja føre snitt av tomta. Snittet skal inkludere plassering og høgde for tiltaket, samt snitt gjennom ev. nabotomter, og / eller terrenget kring den aktuelle tomta. Det skal også fylgje med perspektiv av bygningar plassert i terrenget. Illustrasjonar skal vise naturinngrep og konsekvensar for naboar (utsikt, solforhold mv.) og sjøfarande.
- Takvinkel skal vera mellom 25-45 grader. Tak skal ha saltakform
- Tillete bruksareal (BRA) er 110 m2 på eitt plan. Det er ikkje tillete med bruksareal på loft. Parkeringsareal tel i utgangspunktet som bruksareal (jf. Byggteknisk forskrift.) For parkeringsareal som ikkje er overbygd kan det reknast 30 m2 BRA ekstra(tilsvarar 2 p-plassar). Dersom parkeringsareal skal/ vert overbygd, skal bruksarealet telje innafor dei 110 m2 BRA.
- Det er ikkje tillete med eigne frittståande bygg (uthus/ garasje/ carport/ grillhus eller liknande). Som del av fritidsbustaden er det tillete med denne type funksjon. Dei vert då rekna med i bruksarealet jf. Byggteknisk forskrift
- Minimum utsprenging og planering for hyttetomter gjeld. Der det er mogleg skal hytter plasserast på søylefundament med minimalt med sprenging. Der det må sprengjast og planerast er det maks tillete å planere/sprengje 1 m utanfor veggliv hytte
- Byggjegrenser er synt på plankartet. Der det ikkje er synt byggjegrenser på plankartet gjeld avstandskrava i Pbl.

- Fritidsbustader skal plasserast som vist på plankartet.
- Det kan ikkje setjast opp gjerde eller andre fysiske stengsel rundt fritidseigedommane.
- Fargebruk på bygningane skal vera i mørke og duse jord- og steinfargar.
- Det er høve til å justere vegfyllinga inntil tomtene H1 og H2, inn i byggjeområde H1 og H2, for å få betre terrengtilpassing og utforming av byggjeområda.

§4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR
(pbl §12-5 nr. 2)

4.1 Køyreveg
Vegane i planområdet er felles private vegar.
Veg1 er felles for tomtene: A1-A11, B1-B7, C1, G1-G4, H1, H2 og K1
Veg2 er felles for tomtene: A1-A3, G2, G3 og K1
Veg3 er felles for tomtene: A9
Veg4 er felles for tomtene: A4-A8, A10, A11 og G4
Veg5 er felles for tomtene: A6 og A7
Veg 6 er felles for tomtene: A8, A10 og A11
Veg7 er felles for tomtene: B1- B7
Veg8 er felles for tomtene: B7
Veg9 er felles for tomtene: F1 og E1- E3
Veg10 er felles for tomtene: E2 og E3

Veg1- Veg8 skal opparbeidast i tråd med plankart og normalprofil Figur 1.



Figur 1

Veg9 og Veg10 kan opparbeidast i tråd med plankart og normalprofil Figur 2.



Figur 2

Ved detaljprosjektering er det høve til mindre justeringar av føremålet køyreveg, over i føremålet "Anna veggrunn".

4.2 Anna veggrunn
Gjeld området "Snuplass buss". Området er offentleg.

4.3 Anna veggrunn grøntareal
Anna veggrunn grøntareal som er knytt til vegane Veg1- Veg 8 er felles for tomtene: A1-A11, B1-B7, C1, G1-G4, H1, H2 og K1
Anna veggrunn grøntareal som er knytt til vegane Veg9 og Veg10, er felles for tomtene: F1 og E1- E3

For tomtene H1 og H2 som ligg tett inntil vegen, nord i planområdet, vil det vera høve til å justere fyllinga for å få ei god terrengtilpassing til tomtene H1 og H2.

Innafor føremålet anna veggrunn, vil det vera høve til å opparbeide avkøyrsle/ tilkomst til gnr. 157, bnr. 33 frå veg 1. Avkøyrsla må ha tilfredsstillande siktliner.

4.4 Parkeringsplass
For dei tomtene som har veg heilt fram, skal det opparbeidast minimum ein parkeringsplass på eiga tomt. Det er i tillegg sett av ein parkeringsplass på felles parkering for kvar tomt (sjå unnatak nedanfor). For dei tomtene som ikkje har veg heilt fram er det sett av to parkeringsplassar på felles parkering.
For tomtene F1, E1- E3 og A2- A3 må all parkering skje på eiga tomt.

P1 har åtte p-plassar og er felles for tomtene: G1-G3, H1 og H2 ( H1 og H2 har to p-plassar kvar)
P2 har to p- plassar og er felles for tomtene: K1
P3 har sju p-plassar og er felles for tomtene: A4- A9 og G4
P4 har 4 p-plassar og er felles for tomtene: A10 og A11
P5 har 6 p-plassar og er felles for tomtene: B1-B4, B7 og C1
P6 har 4 p-plassar og er felles for tomtene: B6 og B7

§5 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE
(pbl §12-5 nr. 5)

5.1 Friluftsformål
Området inkludert strandsona skal vera opent for fri ferdsel jf. Friluftslova og allemannsretten.

Det kan opparbeidast stiar/gangvegar med maksimal breidde 1 meter fram til dei tomtene som ikkje har køyrevegtilkomst heilt fram.

5.2 Vern av kulturmiljø eller kulturminne

§6 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE
(pbl §12-5 nr. 6)

6.1 Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

6.2 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
Det er berre tillete med vedlikehald på eksisterande tiltak. Det er ikkje tillete med nye tiltak, eller utviding av eksisterande tiltak.

Eksisterande bryggjer/ kaiar skal ikkje gjerdast inn eller på andre måtar stengjast for ålmenta sin alminnelege bruk.

6.3 Naust
For naust gjeld dei til ei kvar tid gjeldande føresegner/ retningsliner for naust i Austrheim kommune.
Fargesetting av naust vert som for fritidsbustadane.

§7 OMSYNSSONER
(pbl §12-6 og 11-8 bokstav c)

7.1 Sone med særlige omsyn til kulturmiljø
Det er avsett hensynssone til "Bevaring kulturmiljø". Omsynsone H_730 er eit automatisk freda kulturminne. Det kan ikkje utførast noko arealinngrep som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på anna vis utilbørlig skjemme det automatisk freda kulturminnet.

I omsynssone H-570 ligg der eit automatisk freda kulturminne. Det kan ikkje utførast noko arealinngrep som kan skadde, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på anna vis utilbørlig skjemme det automatisk freda kulturminnet. Innafor omsynsssona er det tillete å vedlikehalde Veg9 i tråd med plankartet. For Veg10 er det høve til oppgradering av eksisterande veg i tråd med plankartet og normalprofil jf fig 2.

Det er ikkje høve til andre tiltak innafor omsynssona "Bevaring kulturmiljø"

**Fra:** Asbjørn Nagell Toft
**Sendt:** onsdag 25. september 2019 08:17
**Til:** Asbjørn Nagell Toft
**Emne:** Sender e-post: Arealplankart versjon 6 Dato 20.03.2013
**Vedlegg:** Arealplankart versjon 6 Dato 20.03.2013.pdf

Meldingen er klar til å sendes med følgende fil- eller koblingsvedlegg:

Arealplankart versjon 6 Dato 20.03.2013




## PBL § 12–5 AREALFORMÅL

1. BEBYGGELSE OG ANLEGG
   - Fritidsbebyggelse (1120)
   - Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (1588)
   - Naust (1589)
2. SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR
   - Kjøreveg (2011)
   - Annen veggrunn (2018)
   - Annen veggrunn– grøntareal (2019)
   - Parkeringsplass (2080)
5. LANDBRUKS–, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDER
   - Friluftsformål (5130)
6. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØRENDE STRANDSONE
   - Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (6720)

## PBL § 12–6 HENSYNSSONER

A.1) SIKRINGSSONER
- Frisikt (100)

C) SONE MED ANGITTE SÆRLIGE HENSYN
- Bevaring av kulturmiljø (500)

D) BÅNDLEGGINGSSONER
- Båndlegging etter lov om kulturminner (700)

LINJETYPAR OG PUNKTSYMBOL
- Planavgrensing
- Formålsgrense
- Regulert tomtegrense (1203)
- Byggjegrense (1211)
- Regulert senterlinje (1221)
- Frisiktlinje (1222)
- Regulert kant køyrebane (1223)
- Regulert møneretning (1273)

ANDRE LINJETYPAR
- Eksisterande bebyggelse

EKVIDISTANSE: 1M
KOORDINATSYSTEM: EUREF89, SONE32

1:1000

GRUNNEIERE I PLANOMRÅDET: 157/15,19,23,24,3,40,42,43,44,45,5,50,59,6,8,83,86,89

# DETALJREGULERINGSPLAN FOR HYTTEFELT H06 I BERGSVIK, - GNR. 157 PLAN NR. 12642006003. AUSTRHEIM KOMMUNE

MÅLESTOKK:
1:1000 (A1)
1:2000 (A3)

DATO

| REVISJONER | DATO | SIGN. |
|---|---|---|
| Endring avkøyrsle Veg1, tomt H1 og H2 | 23.01.13 | jofi |

| SAKSBEHANDLING IFLG. PLAN– OG BYGNINGSLOVEN | DATO | SAKSNR. | SIGN. |
|---|---|---|---|
| VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSARBEID | | | |
| 1.GANGS BEHANDLING I PLANUTVALGET | 12.03.2008 | FS–040/08 | |
| OFFENTLIG ETTERSYN | 7.7–15.8.08 | | |
| 2.GANGS BEHANDLING I PLANUTVALGET | 18.01.2012 | FS–009/12 | |
| VEDTAK I KOMMUNESTYRET | 01.02.2012 | KS–011/12 | |
| REVIDERT JF. KOMMUNESTYREVEDTAK | 20.02.2012 | | |

| | DATO | SAKSNR. | SIGN. |
|---|---|---|---|
| COWI RÅDGIVENDE INGENIØRER | | 128265 | JOFI |

# Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 081/19 | Formannskapet | PS | 24.10.2019 |
| | Kommunestyret | PS | |

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Olav Mongstad | FE-082 | 19/621 |

## Folkevalde sine arbeidsvilkår - oppdatering av reglementet

## Vedlegg:

Folkevalde sine arbeidsvilkår og godtgjersle - redigert 09. oktober 2019

## Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret set ned ei nemnd som skal gjennomgå og revidere «Austrheim kommune – folkevalde sine arbeidsvilkår.» Det reviderte framlegget skal leggjast fram for kommunestyret.
2. Nemnda har fylgjande medlemmer:
    a. NN
    b. NN
    c. NN
    d. NN
3. Rådmannen oppnemner sekretær for utvalet.

## Saksopplysninger:

**Bakgrunn**

Kommunestyret gjorde i møtet 12. september 2019 slikt vedtak:

*Kommunestyret stadfestar at godtgjering til ordførar skal vera lik godtgjering til stortingsrepresentant. Årleg justering skjer frå same dato som for stortingsrepresentant, med skjæringsdato 1. mai. Dette er praksis i dag, og er lagt inn i framlegget til «Folkevalde sine arbeidsvilkår», som lagt fram for kommunestyret 17. desember 2014.*
*Administrasjonen får mynde til å oppdatera reglementet frå 2004 med andre endringar som kommunestyret har vedteke tidlegare, som til dømes godtgjering til medlemmer i stemmestyra.*
*Godtgjering til kommunestyret skal justerast samstundes med justering av ordførarløn.*
*Til vervet som ordførar ligg det eit særskilt ansvar for arbeidet med næringsutvikling.*

Saka den 12.09.19 handla først og fremst om ei stadfesting av eksisterande praksis, med at ordførar si godtgjering er lik lønna til stortingsrepresentantar, og ikkje «*Godtgjersla er for tida lik løna til rådmannen*» slik det heiter i reglementet som vart vedteke i 2004.

I kommunestyret sitt vedtak 12. september 2019 vart det lagt inn to setningar under handsaminga i kommunestyret. Den eine ei rein tekstendring med

- «*Til vervet som ordførar ligg det eit særskilt ansvar for arbeidet med næringsutvikling.*»

Den andre korrigeringa er meir omfattande, med:

- «*Godtgjering til kommunestyret skal justerast samstundes med justering av ordførarløn.*»

I debatten vart dette oppfatta til å gjelda ei justering etter siste auke i ordførarløn, og ikkje frå 2004, sidan ei justering for heile perioden ville blitt dyr.

Rådmannen meiner prinsipielt at ei endring av satsane for møtegodtgjersle ikkje skal takast som ei tilføying av ein setning i eit vedtak utan ei grundig saksførebuing med overslag på korleis dette vil slå ut i budsjettsamanheng.

Rådmannen ser to moglege måtar kommunestyret kan gjere dette på:

1. Forhandlingsutvalet, ordførar, varaordførar og leiar for største opposisjonspartiet, kan gå gjennom godtgjersla og leggje forslaget fram for kommunestyret. Rådmannen oppnemner sekretær.
2. Komunestyret kan gi gruppeleiarforum i oppgåve å gå gjennom satsane og leggje forslaget fram for kommunestyret. Rådmannen oppnemner sekretær.

Fordelen med den andre løysinga, er at alle partia er representerte i gruppa som skal arbeide fram dei nye satsane.

Om ein går tilbake i arkivet ser ein at spørsmålet om å justera summen på 500 kroner for å møta i kommunestyret også var oppe i 2014, med framlegg om å auka dette til 600 kroner. Dette framlegget vart ikkje vedteke av kommunestyret, men sendt over til gruppeleiarforumet for vidare handsaming. Det vart ikkje fylgt opp av gruppeleiarforum. Dermed vart ikkje satsen endra.

Slik det var oppfatta frå kommunestyret no vil ei endring av satsane, om det vert vedteke, gjelda frå og med det nye kommunestyret. Dagens kommunestyre får si siste utbetaling med 500 kroner per møte som er siste vedtekne sats.

Satsar for tapt arbeidsforteneste:

I reglementet som vart vedteke i 2004, står det at «*Satsane for tapt arbeidsforteneste, udokumentert og dokumentert, vert å justera prosentvis etter ordførar si godtgjersle*.» I tida som har gått frå 2004 til 2019 så har ordførar si godtgjering auka med 126,76 prosent (forklaring under mellomtittel økonomi lenger nede i saksutgreiinga). Dette har ikkje vorte endra i reglementet, men praksis har vore at dei som har dokumenterte utgifter for tapt arbeidsforteneste, har fått utbetalt etter kravet, sjølv om det var høgare enn det som stod i reglementet. Med andre ord har administrasjonen praktisert vedtaket frå 2004 når det gjeld dokumentert tapt arbeidsforteneste.

Dagens gjeldande satsar for tapt arbeidsforteneste i reglementet er:
● Dokumentert tapt arbeidsforteneste 2.200 kroner per møtedag
● Om det er gitt fri med løn, arbeidsgjevaravgift av inntil 1.100 kroner per møtedag ●
Udokumentert tapt arbeidsforteneste 1.000 kroner per møtedag

Gitt justering etter gjeldande reglement skulle desse satsane no vore:
● Dokumentert tapt arbeidsforteneste 4.989 kroner per møtedag
● Om det er gitt fri med løn, arbeidsgjevaravgift av inntil 2.494 kroner per møtedag ●

Udokumentert tapt arbeidsforteneste 2.268 kroner per møtedag
Som sagt fylgjer administrasjonen opp vedtaket om å fylgje satsane som vurdert opp mot ordførarlønn.

**Vurdering**

Den einaste endringa kommunestyret har vedteke, er å gi godtgjering til stemmestyret. Det vedtaket vart gjort føre 2012-valet. Dette vert no lagt inn i reglementet.

Rådmannen tilrår at kommunestyret brukar litt tid på ei vurdering og drøfting av om det skal gjerast andre endringar i satsane. Ei endring vil og få konsekvensar for budsjettet. Det er derfor viktig at kommunestyret eventuelt legg inn ein auke i sitt budsjett før utbetaling basert på dei nye satsane vert gjennomført.

Andre kommunar sine satsar:

Oversyn over satsar i to av nabokommunane.

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fedje | | | |
| | Årleg godtgjering formannskapet | 10 000 | |
| | Møtegodtgjersle pr. møte | 500 | |
| | | | |
| Alver | | | |
| | Møtegodtgjersle kommunestyret | 1 580 | 0,16% stortingsrepresentant |
| | | | |
| Austrheim | | | |
| | Ordførar 2004 | 435 700 | |
| | Ordførar 2019 | 987 997 | Auke 2004-2019 126,76 % |
| | Formannskapet | 49 940 | 5 % av ordførar si lønn/ingen møtegodtgjersle |
| | Møtegodtgjersle 2004 kommunestyret/vara i formannskap | 500 | Pr. møte |
| | Berekna møtegodtgj. 2019 | 1 334 | Auke 2004-2019 126,76 % |

Om ein ser over nabogrensa til Fedje, så får kommunestyrerepresentantane der 10.000 kroner i årleg godtgjering, samt 500 kroner per møte. I den nye kommunen Alver er godtgjeringa for å møta i kommunestyret knytt til godtgjering for stortingsrepresentant. Med 1.580 kroner for kvart møte tilsvarer det 0,16 prosent av gjeldande beløp for godtgjering til stortingsrepresentant.

Det er nok lurt å ta ein større gjennomgang av satsane i Austrheim. Men så lenge dette gjerne kan føra til ein større auke er det kanskje best å utsetja dette til slutten av perioden 2019-2023.

**Økonomi**

I 2004 då reglementet «Austrheim kommune –folkevalde sine arbeidsvilkår» vart vedteke, hadde ordføraren ei godtgjering på 435.700 kroner. Frå 1. mai 2019 er denne 987.997 kroner, altså ein auke på 126,76 prosent. Berre for å illustrera endringa, skulle ein justert dei 500 kronene til kommunestyrerepresentane tilsvarande, ville dette gått opp til 1.334 kroner. Med godtgjering til 12

medlemmer i kommunestyret, og sju møter i året, ville det gitt ein auke på ca. 70 000 kroner i årlege utgifter til godtgjering.

Med utgangspunkt i 500 kroner, som er vedteken sats, vert dette med ein auke på 3,3 prosent som ordførar fekk frå 1. mai 2019, til ny sum 517 kroner. Årleg kostnadsauke for kommunen blir 1 428 kroner for 12 medlemmer, pluss evt vara i deler av møte.

Grunnen til at det er rekna ut for 12 medlemmer, er at formannskapet har fast godtgjersle og får ikkje møteodtgjersle.

Godtgjering for tapt arbeidsforteneste har det siste året berre blitt betalt ut for medlemmer i formannskapet. Grunnen er at kommunestyret har møte etter arbeidstid. Praksisen har dei siste åra vore at ein betaler ut også om beløpet er noko over 2.200 kroner, slik at økonomisk skal ikkje ein auke ha noko å seia. Ny maksimalsats 4.989 er uansett ikkje urimeleg, med 220 arbeidsdagar i året tilsvarer dette ei årsløn på 1.097.580. Ein kan heller stilla spørsmål ved at det utan dokumentasjon kan betalast ut 2.268 kroner per møtedag for tapt arbeidsforteneste, men dette er slik kommunestyret vedtok det i 2004.
Rådmannen meiner derfor det er viktig at politikarane gir denne oppgåva til ei nemnd med politikarar som kan arbeide seg gjennom alle delar av reglementet for å sjå samanhengar.
Rådmannen peikar på dei to alternativa til arbeidsgruppe som er lagt inn i saksutgreiinga.

**Konklusjon**

Rådmannen tilrår at kommunestyret gir oppdraget med å gjennomgå reglementet for godtgjersle til politikarar i Austrheim til ei nemnd som legg eit framlegg fram for kommunestyret. Rådmannen oppnemner sekretær.

# Folkevalde sine arbeidsvilkår

**Vedteke av kommunestyret 21.09.04.**
**Gjort gjeldande frå 01.10.04**

**Redigert etter vedtak i kommunestyret 19.12.12**
**Redigert etter sak til kommunestyret 17.12.14** *(Berre tekstredigering/fjerning av verv som har gått ut. Ikkje auka godtgjering til kommunestyret frå 500 til 600, sidan dette ikkje vart vedteke)*
**Redigert etter vedtak i kommunestyret 12.09.19**
**Redigert opp mot ny kommunelov som gjeld frå konstituering 31.10.19, med nye paragrafar**

**Innhald**

**1. Innleiing**

1.1 Lova sine intensjonar

1.2 Rett og plikt til å delta i møte

1.3 Rett til godtgjersle og dekking av utgifter og økonomisk tap

1.4 Inhabilitet

**2. Opplæring og informasjon**

2.1 Opplæring

2.2 Informasjon

**3. Kommunale møte**

3.1 Møteplanar

3.2 Tidspunkt for møta

3.3 Møteplikt og møterett

3.4 Saksdokument

3.5 Frikjøp av politikarar

3.6 Frammøteliste

**4. Vederlag for tapt arbeidsforteneste / brukt tid**

4.1 Dokumentert tap

4.2 Udokumentert tap

4.3 Vederlag for tapt overtidsbetaling / ekstrainntekt

4.4 Redusert vederlag

4.5 Tilsette i offentleg verksemd

4.6 Møte på fritid

4.7 Møte på kveldstid

4.8 Omsorgsarbeid

4.9 Utsendingar for kommunen

4.10 Utbetaling

4.11 Justering av satsar

**5. Pensjon**

**6. Godtgjersle**

6.1 Fast godtgjersle

6.1.1 Ordførar

6.1.2 Varaordførar

6.1.3 Formannskapet

6.1.4 Leiar av kontrollutval

6.1.5 Møtegodtgjersle når medlemer har fast godtgjersle

6.1.6 Godtgjersle til medlemmer i stemmestyra.

6.1.7 Utbetaling

6.2 Møtegodtgjersle

6.2.1 Godtgjersle for Gruppe I

6.2.2 Godtgjersle for Gruppe II

6.2.3 Tillegg for Gruppe I – II , fungerande møteleiar

6.2.4 Godtgjersle Gruppe III

6.2.5 Varamedlemer som møter på del av møte

6.2.6 Fleire møte same dagen

6.2.7 Arbeidstakarrepresentantane sine rettar

6.2.8 Utbetaling av møtegodtgjersle

6.3 Unnatak frå utbetaling av møtegodtgjersle

**7. Godtgjersle for bruk av telefon og internett**

7.1 For bruk av telefon

7.1.1 For ordførar gjeld følgjande ordning

7.1.2 For andre ombod gjeld

7.2 For bruk av internett

**8. Skyss- og kostgodtgjersle**

**9. Tolkingsspørsmål**

**10. Støtteordningar til dei politiske partia og lister med representantar i kommunestyret**

10.1 Bruk av kommunalt eigde lokale

10.2 Kopiar / kopiering

10.3 Økonomisk støtte

**1. Innleiing**

**1.1 Lova sine intensjonar**

Kommunelova som vart gjort gjeldande frå 01.01.93 legg vekt på å betra dei folkevalde sine arbeidsvilkår m.a. for å sikra rekruttering til og breiast mogleg deltaking i dei folkevalde organa i kommunane. Generelt er det lagt vekt på at den auka fridomen kommunane får i ulike samanhengar, også skal kunna brukast til å betra dei folkevalde sine arbeidsvilkår.

Kapittel 8, §§ 8-1 og 8-4, i kommunelova handlar om dei folkevalde sine arbeidsvilkår. Retten til fri frå arbeid for deltaking i folkevalde organ er lovfesta. "Folkevald organ" er ikkje berre dei organa som er samansett ved direkte val, men og nemnder, styre, råd, utval m.m. som er oppnemnde i medhald av kommunelova eller andre lover. Alle folkevalde får rett til godtgjersle for deltaking i folkevalde organ. Kommunen vert stilt fritt til sjølv å avgjera satsane for slik godtgjersle.

**1.2 Rett og plikt til å delta i møte**

Retten og plikta til å møta og ta del i handsaminga og avgjersla i eit folkevald organ, er av dei mest grunnleggjande rettar og plikter ein har som folkevald.

Kapittel 8, i kommunelova fastset dei rettar og plikter som knyter seg til utøvinga av *vervet som folkevald* og til å delta i møte i kommunale organ. Det heiter i § 8 nr. 1:

*Medlemmer av et kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalgt organ plikter å delta i organets møter hvis de ikke har gyldig forfall.*

Er ein til stades på møte i eit folkevald organ, har ein *plikt til å røysta*. Ved tilsetjingar og val kan ein krevja skriftleg røysting. I slike saker kan ein *røysta blankt*.

**1.3 Rett til godtgjersle og dekking av utgifter og økonomisk tap**

Dei folkevalde sine rettar til godtgjersle og dekking av utgifter er heimla i kommunelova § 8-3 og 8-4.

*§ 8-3. Dekning av utgifter og økonomisk tap: Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjøring for reiser i forbindelse med vervet. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift om slik godtgjøring.*

*Den som blir påført utgifter som følge av et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på å få dekket utgiftene opp til et visst beløp per dag. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift om dekning av slike utgifter.*

*Den som taper inntekt fordi han eller hun har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på erstatning opp til et visst beløp per dag. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift om slik erstatning. Det skal fastsettes ulike satser for dokumenterte og ikke-dokumenterte tap.*

*§ 8-4.Arbeidsgodtgjøring: Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på godtgjøring for sitt arbeid. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift for slik godtgjøring.*

Bakgrunnen for at retten til arbeidsgodtgjersle for alle kommunale tillitsverv kom med i kommunelova, var at alle verv inneber ei viss belastning. Kommunelovutvalet meinte at retten til godtgjersle ville bidra til ei oppvurdering av vervet som folkevald og føra til auka rekruttering i det politiske arbeidet.

**1.4 Inhabilitet**

Om inhabilitet viser ein til reglane i forvaltningslova kap. II i tillegg til særreglane i Kommunelova § 11.10 og § 13.3

**1.5 Rett til dokumentinnsyn**

Rett til innsyn er fastsett i kommunelova § 11-13 «*Utvidet innsynsrett for folkevalgte organer».*

Det vert vist til "Reglement for folkevalde sin rett til innsyn i saksdokument", vedteke av kommunestyret 21.04.99.

**2. Opplæring og informasjon**

**2.1 Opplæring**

a). I førstninga av kvar valperiode skal det haldast kurs for kommunestyret om dei grunnleggjande prinsippa for kommunal verksemd, der målsettinga m.a. er å skapa tryggleik og engasjement hjå den enkelte folkevald.

b). Det bør og vurderast om ein i førstninga av kvar valperiode eller i løpet av valperioden skal gjennomføra opplæring utover dei grunnleggjande kursa for folkevalde.

c). Ordførar og rådmann har ansvaret for at opplæring vert sett i verk.

**2.2 Informasjon**

a). Alle praktiske og økonomiske ordningar som vert vedtekne vedkomande dei folkevalde sine arbeidsvilkår, skal samlast og gjerast kjende for dei folkevalde, dei lokale partiorganisasjonane o.a.

b). Reglementa for folkevalde organ (kommunestyret, formannskapet, administrasjonsutvalet o.a.) vert å oppdatera i samsvar med vedtak som er / vert gjorde. I reglementa skal det gå fram kva delegasjonsmynde dei ulike organa er tildelt.

Reglementa vert samla i eit eige hefte *"Reglement for Austrheim kommune"* og gjort kjende for dei folkevalde.

c). Rådmannen har ansvar for gjennomføringa av punkta a) og b)

**3. Kommunale møte**

**3.1 Møteplanar**

a) Ordførar har ansvar for at det vert utarbeidd halvårlege møteplanar for kommunestyret, formannskapet og administrasjonsutvalet. For andre organ avgjer organet sjølv om det skal lagast møteplan. Leiaren i organet utarbeider i tilfelle møteplan i samråd med ordføraren.
b) Fastsetjing av møte skal skje ut frå behov. Det skal takast omsyn til fri- og helgedagar. Juli månad skal vera fri for møte i folkevalde organ.
c) Det kan haldast møte i tillegg til møteplanen dersom ekstraordinære tilhøve gjer dette nødvendig.
d) I hastesaker kan det haldast fjernmøte (telefon-/videomøte) i enkeltsaker, jamfør Kommunelova § 11-7 om fjernmøter.

**3.2 Tidspunkt for møta**

a). Organa sjølv avgjer tidspunkt for møta.
b). Møta i administrasjonsutvalet vert å leggja i tilknyting til formannskapsmøte.

**3.3 Møteplikt og møterett**

I følgje kommunelova § 8 nr. 1 har den folkevalde *rett og plikt til å stilla på møte* i kommunale organ, med mindre vedkomande har gyldig forfall. Lova seier ikkje noko om kva som er "gyldig forfall", men i kommentarar til lova vert sjukdom og vektige velferdsgrunnar nemnde som døme.
Kommunelova § 8 nr. 2 seier dette om retten til å få fri frå arbeid:
*Arbeidstakere har krav på fri fra sitt arbeid når det er nødvendig på grunn av møteplikt i kommunale eller fylkeskommunale folkevalgte organer.*
*Arbeidstakere som har et kommunalt eller fylkeskommunalt verv på heltid eller deltid, har også rett til permisjon fra sitt arbeid i fire år eller for resten av valgperioden.*
I kommentarar til lova heiter det: "*....slik at retten til fri fra arbeid i prinsippet gjelder fullt ut."* Det framgår likevel av forarbeidet til lova at omsynet til arbeidet må godtakast som gyldig forfallsgrunn når det ligg føre *«helt særskilte omstendigheter".*
Slike "*særskilte omstendigheter*" kan vera når vervet fører med seg
• at den folkevalde har fråvær frå arbeidsplassen svært ofte,
• at fråværet er svært omfattande eller
• at særtrekk ved bedrifta eller arbeidstakaren sine funksjonar i bedrifta medfører særleg store vanskar eller skadeverknader ved fråvær i det omfang som er nødvendig for å utføra vervet.
Det skal meldast frå om forfallsgrunnen så snart ein har kjennskap til at ein vil vera lovleg forhindra frå å møta.

**3.4 Saksdokument**

a). Saksdokument til kommunale møte bør vera dei folkevalde i hende seinast 6 dagar før møtet.

b). Møtebøkene skal sendast dei folkevalde så snart utskriftene er utarbeidde frå administrasjonen si side.
c). I tillegg til medlemene av kommunestyret vert saksdokument og møtebøker til kommunestyret sendt til 1. varamedlem i gruppene.
d). Til formannskapet og administrasjonsutvalet skal saksdokument sendast varamedlemer etter eigen avtale kvar valperiode.
e). Eldrerådet v/leiaren og barne- og ungdomsrådet v/leiaren skal ha tilsendt saklistene til formannskapet og kommunestyret.
